



Møteinnkalling

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	31.05.2023
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kjartan Haugsnes, tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/23	Godkjenning av protokoll frå møte 02.03.2023	2022/153	
	Politiske saker		
PS 9/23	Årsrekneskap for Eidfjord kommune 2022 - uttale frå kontrollutvalet	2022/165	
PS 10/23	Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver- milepælsorientering	2022/305	
PS 11/23	Oppfølging forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling.	2022/168	
PS 12/23	Orientering frå rådmann, henvending renseanlegg i Sysendalen	2022/333	
PS 13/23	Orientering frå rådmann, innsynsportal	2022/155	
	Referat saker		
RS 2/23	VS: saksdokument til representantskapsmøte IHM IKS	2022/155	
	Politiske saker		
PS 14/23	Eventuelt	2022/155	

GK 3/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/153-19

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	4/23	31.05.2023

Godkjenning av protokoll frå møte 02.03.2023

Forslag til vedtak

Protokoll frå møt e02.03.2023 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Møteprotokoll 020323



Møteprotokoll

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	02.03.2023
Tid:	09:00 – 11:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leiar	AP
Kjell Ove Tveit	Nestleiar	UAVH
Anita Fredheim Limstrand	Medlem	UAVH
Kari Lægreid	Medlem	SP
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Magnus Steigedal, rådmann (Til PS 1-3/23)
Anders Vatle, ordførar (Til PS 1-3/23)
Janne Eraker, oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS
Ragnhild Kartveit Høyland, forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS

Jostein Hovland
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 01.12.2022	2022/153	
	Politiske saker		
PS 1/23	Orientering frå rådmann, avhending av kommunal eigedom	2022/155	
PS 2/23	Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft	2022/165	
PS 3/23	Oppfølging forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling.	2022/168	
PS 4/23	Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver- milepælsorientering	2022/305	
PS 5/23	Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimrevisjonsrapport 2022p	2022/165	
PS 6/23	Årsmelding for kontrollutvalet 2022	2022/161	
PS 7/23	Møteplan for kontrollutvalet 2023	2022/156	
	Referat saker		
RS 1/23	Nytt fra fra FKT februar 2023	2022/155	
	Politiske saker		
PS 8/23	Eventuelt	2022/155	

GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 2/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 01.12.2022

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 01.12.2022 vert godkjent.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 01.12.2022

Vedtak:

Protokoll frå møte 01.12.2022 vart godkjent.

PS 1/23 Orientering frå rådmann, avhending av kommunal eigedom

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte.

- Kommunen har ikkje overordna rutinar for avhending av eigedom.
- Kommunestyret oppretta byggkomite i 2020 med eige mandat som skal kome med tilrådingar til kommunestyret. Komiteen skal virke ut inneverande valperiode.

Spørsmål:

- Er komiteen oppretta etter kommunelova § 5-9 og er mandat for komite kjent og er møteplan, innkalling og protokoll frå møta offentleg?

Ordførar Anders Vatile orienterte og svara på spørsmål.

- Kommunestyret vedtok kjøp og sal av hotellet
- Byggkomite innstilte til kommunestyret.

Forslag til vedtak med nytt pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann vurdere om komitear oppretta av kommunestyret skal vere ein del av innsynsportal og sakshandsamingsreglane i kommunelova til neste møte.

PS 2/23 Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte hausten 2023, for å koma med ny status når det gjeld kommunen sitt arbeid med kommunal økonomisk bærekraft.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte.

- Viste til utsendt notat.
- Vedlikehald må sterkare inn i budsjettprosess for 2024 og økonomiplan.
- Investeringar som reduserer vedlikehald er ønskjeleg og må fokuserast på.
- Kommunen har ein for stor bygningsmasse i høve storleik på kommunen og i høve folketal.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte hausten 2023, for å koma med ny status når det gjeld kommunen sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

PS 3/23 Oppfølging forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling.**Forslag til vedtak**

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at det vert orientert om saka på nytt i neste møte og at skriftleg tilbakemelding frå rådmann vert tilgjengeleg tre veker før møtet.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Rådmann Magnus Steigedal og ordførar Anders Vatlø orienterte og svarte på spørsmål.

- Har vore lite overføring til ny rådmann.
- Arbeidet med handlingsplan er starta.
- Store utskiftingar mellom tilsette etter at rapporten var ferdig.
- Delar av tilrådingane i rapporten krev og langsiktig arbeid.
- Skriftleg tilbakemelding vert gjeve i neste møte i kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at det vert orientert om saka på nytt i neste møte og at skriftleg tilbakemelding frå rådmann vert tilgjengeleg tre veker før møtet.

PS 4/23 Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver-milepælsorientering**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ragnhild Kartveit Høyland frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte.

- Har hatt oppstartsmøte med ny rådmann.
- Revisjonen er godt i gang med innhenting av informasjon/dokumentasjon
- Godt samarbeid med kommunen so langt.
- Utarbeiding av intervjuguide er starta. Ein tek sikte på intervju først og spørre undersøking etterpå.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak.

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 5/23 Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimsrevisjonsrapport 2022p

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2022 for Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte utvalet og svarte på spørsmål.

Revisjonen har sett på ma.

- test av kontrollar
- test av detaljar løn og sjukerefusjon
- test av fakturering
- test av utgifter
- Meirverdiavgift

Revisor har konkludert slik:

Hovudkonklusjon etter interimsrevisjon 2022

Ingen vesentlege feil er avdekka i løpet av revisjon, men kommunen kan verta betre på å ha fokus interne kontrollhandlingar og dokumentasjon av utført intern kontroll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

PS 6/23 Årsmelding for kontrollutvalet 2022

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2022.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte kort.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2022.

PS 7/23 Møteplan for kontrollutvalet 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2023.

Mars	Mai	Oktober	november
2.	25.	5.	30.

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter sams drøfting i utvalet vart forslag til dato i mai 2023 endra til 31.

Utvalet er klar over at datoen kolliderer med FKT konferansen i Trondheim, men ingen frå utvalet er påmeldt i år.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2023.

Mars	Mai	Oktober	November
2.	31.	5.	30.

RS 1/23 Nytt fra fra FKT februar 2023

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 8/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 02.03.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen saker meldt.

Vedtak:

Ingen saker meldt.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/165-29

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	9/23	31.05.2023

Årsrekneskap for Eidfjord kommune 2022 - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2022
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 3 for 2022 frå Vestlandsrevisjon AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 05.10.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2022 for Eidfjord kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forslag til uttale om årsrekneskapen 2022
- 2 Årsrekneskapen 2022
- 3 Årsmelding 2022
- 4 Revisjonsmelding_Eidfjord_2022
- 5 Eidfjord_Rapport_etter_revisjonen_av_rekneskapen_2022

- 6 FEK økonomiske fullmakter Eldfjord
- 7 Attestasjonsuttale_ __Eidfjord

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet vil i møte 31.05.2023 behandla utvalet sin uttale til Eidfjord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presenterte årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå rådmann, dagsett 31.03.2023
- Rådmann si årsmelding, dagsett 31.03.2023
- Revisjonsmelding, dagsett 17.04.2023
- Nummererte brev frå revisor nr. 3, dagsett 16.05.2023
- Attestasjonsutale etter etterlevingskontroll, dagsett 16.05.2023

- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen

I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Vestlandsrevisjon AS

Kommunen sin revisor, Vestlandsrevisjon AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg. Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

Vi har revidert årsrekneskapen for Eidfjord kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 46 245 136. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Nummerert brev nr. 3 for rekneskapsåret 2022 frå Vestlandsrevisjon AS

Revisjonsrapport nr. 3 for rekneskapsåret 2022 frå Vestlandsrevisjon AS til kommunen, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet, (vedlegg) Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Vestlandsrevisjon AS gjeve nokre tilrådingar til kommunen på tilhøve som bør og kan forbetrast. Mellom anna har revisor påpeika at Eidfjord kommune manglar økonomireglement jfr. Kommunelova § 14.2 og rår til at dette bør kome på plass i 2023.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapen for 2022 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 46 245 136,- dvs. netto resultatgrad på 17,17 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 3 % pr. 15.03.2023. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Særlege forhold som påverkar resultatet for 2022**Rådmannen skriv slik i årsmeldinga:**

Kraftprisane utvikla seg svært positivt for kommunen gjennom 2022. Dette var ei vidare utvikling av den trenden ein såg i 2021, som medførte vesentleg høgare inntekter på kraftinntektene til kommunen i 2022. Dette kan og ha stor påvirkning i framtidige kraftinntekter dersom utviklinga held fram over tid. Denne utviklinga i kraftprisar har ei tilsvarende negativ effekt for innbyggjarar og verksemdar i både Eidfjord og spesielt Sør- og aust Norge.

Kommunen er avhengig av kraftrelaterte skattar. Det betyr at kraftprisane og svingningar i desse, har ein direkte påverknad på kommunen sin økonomi. Dette er forhold vi ikkje styrer heilt og fullt sjølv.

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:*Økonomi:*

Rekneskapen for 2022 viser eit mindreforbruk etter budsjettert bruk og avsetjingar til fond på om lag kr 38,8 mill. Netto driftsresultat var kr 46,2 mill. som utgjør om lag 17,2 % av driftsinntektene. Korrigert for årets premieavvik er netto driftsresultat kr 19,9 %. Netto driftsresultat er eit mål på kommunal handlefridom. Kommunal- og moderniserings-departementet har sett eit mål på minst 1,75%. Eidfjord har dermed god margin målt mot dette minimumsmålet. Dette er eit resultat som er betre enn budsjettert for 2022.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid*
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene*
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne*
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard*
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling*
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»*

Vidare står det dette i kommunelova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Eidfjord kommune har løyst dette ved å rapportere om internkontroll som ein del av årsmeldinga.

Sekretariatet har merka seg at desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2022.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i kommunen byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå kommunen.

- Det er ikkje avdekka vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet. Revisor peikar på mellom anna dette forholdet i sin revisjonsrapport:

1. Økonomireglermet

Revisjonen har ikkje funne at Eidfjord kommune har utarbeidd regler for økonomiforvaltninga jf.kommunelova § 14-2 bokstav d).


Dette vart og påpeika for 2021 og sekretariatet rår til at kontrollutvalet tek dette med i uttalen for 2022.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Økonomisk handleevne

Av rekneskapen for 2022 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 46 245 136,- dvs. netto resultatgrad på 17,17 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 3 % i 2022. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Eidfjord kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2018 (8,16%), 2019 (4,82%), 2020 (4,80%) 2021 (13,38%) og 2022 (17,17%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2022 er vesentleg betre enn tilrådinga frå TBU, og godt over snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høy lånegjeld i kommunene, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunene ikke bør ha mer enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld.

Saldo på disposisjonsfondet 31.12.2022 er på kr. 99 911 803,- som er 37,11 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er at dette talet skal være større enn 5 %.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Det er ei målsetting om at denne bør være under 5% I 2022 er denne på 3,6% for Eidfjord kommune.

Eidfjord kommune har på bakgrunn av dette positivt driftsresultat og eit stort disposisjonsfond for 2022, lånegjelda på 46,1 % av driftsinntektene er godt under tilrådinga frå Riksrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen. Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har Vestlandsrevisjon IKS levert «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen» dagsett 16.05. 2023 (Sjå vedlegg)

Vestlandsrevisjon IKS har konkludert slik:

Konklusjon

Basert på utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis har vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at kommunen har vesentlege svakheiter ved internkontroll for økonomiske fullmakter i samband med inngåande faktura.

Denne uttalen er utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltinga og til Eidfjord kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.

Oppsummering

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk i høve til regulert budsjett
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2
- Revisors påpeiking i nummerert brev 3 om manglande økonomireglement.

Konklusjon

Eidfjord kommune har i 2022 eit positivt driftsresultat, godt disposisjonsfond medan lånegjelda er låg i høve tilrådinga frå Riksrevisjonen.

På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr.3 for 2022 frå Vestlandsrevisjon IKS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be rådmann om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilråding i rapporten.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.



Til Eidfjord kommune ved kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Kontrollutvalet har 31.05.2023 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Eidfjord kommune som motteke frå kommunen 20.04.2023, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 17.04.2023

Kommunen har i 2022 eit netto driftsresultat på kr 46 245 136. Revisor har avgitt rein revisjonsmelding Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga tilrår kontrollutvalet etter ei samla vurdering at årsrekneskap og årsmelding for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 17,17 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgraden er på 46,1 %. Riksrevisjonen tilrår at den er under 75%.
- Gjeldsbelastning er berekna til 3,6% av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsbelastninga ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 37,11 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Eidfjord kommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 3 for 2022 frå Vestlandsrevisjon IKS. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar

Kontrollutvalet er nøgd med Eidfjord kommune si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f og rapportering etter kommunelova § 25-2 internkontroll og tilsyn.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 17.04.2023, revisjonsrapport nr. 3, dagsett 16.05.2023 og attestasjon om etterleving, dagsett 16.05.2023 har kontrollutvalet ikkje merknader til Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2022.

Kopi:

Formannskapet

EIDFJORD KOMMUNE

REKNESKAP



2022

INNHALD REKNESKAP 2022:

NR:	Side frå
REVISJONSMELDING	3
DRIFTSREKNESKAPET:	
ØKONOMISK OVERSIKT, DRIFT ETTER ART § 5-6	6
BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT § 5-4	7
BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT § 5-4 FORDELING	8
INVESTERINGSREKNESKAPET:	
BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING § 5-5	9
BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING § 5-5 FORDELING	10
BALANSEREKNESKAPET:	
BALANSEREKNESKAPET § 5-9	13
ÅRSAVSLUTNINGSDISPOSISJONAR	
ÅRSAVSLUTNINGSDISPOSISJONAR DRIFT § 5-9	15
ÅRSAVSLUTNINGSDISPOSISJONAR INVESTERING § 5-9	16
NOTER:	
1 ARBEIDSKAPITALEN,	17
2 KAPITALKONTO	18
3 ANLEGGSMIDLAR	19
4 AKSJER OG ANDELAR	20
5 UTLÅN	21
6 MFO OG DERIVATER	22
7 LANGSIKTIG GJELD	23
8 AVDRAG PÅ LÅN	24
9 PENSJONAR	25
10 GARANTIANSVAR	27
11 BUNDNE FOND	28
12 SJØLVKOSTOMRÅDE	29
13 YTELSE TIL LEIANDE PERSONAR	30
14 GODTGJERSLE REVISOR	31

Til kommunestyret i Eidfjord kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Eidfjord kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 46 245 136. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Rådmann er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga.

Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å

rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Rådmann sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmann er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmann er også ansvarleg for slik internkontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av Rådmann, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og Rådmann, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i internkontroll som vi avdekkjer i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Eidfjord kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Rådmann sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Rådmann er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal Rådmann forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av

sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Isdalstø, 17. april 2023

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
Revisjonssjef/statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker

Revisjonssjef/statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2023-04-17 20:01:04 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Penneo Dokumentnøkkel: KBMOA-4FGIW-B0Y6S-CSEUE-DZFEE-Y6A25

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift

	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr. budsjett 2022	Rekneskap 2021
Driftsinntekter				
Rammetilskot	-26 810 729	-28 617 000	-28 617 000	-28 789 893
Inntekts-og formueskatt	-40 160 907	-31 393 000	-31 393 000	-32 162 857
Eigedomsskatt	-48 432 298	-47 100 000	-47 100 000	-53 116 417
Andre skatteinntekter	-38 109 075	-37 737 460	-36 405 000	-38 089 836
Andre overføringer og tilskot frå staten	-5 373 435	-200 000	-200 000	-5 749
Overføringare og tilskot frå andre	-23 185 010	-10 076 221	-9 586 084	-25 313 594
Brukarbetalingar	-5 526 936	-5 840 800	-5 840 800	-5 980 315
Salgs- og leigeinntekter	-81 595 244	-37 913 100	-37 913 100	-44 875 798
Sum driftsinntekter	-269 193 634	-198 877 581	-197 054 984	-228 334 459
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	96 495 922	91 932 616	90 561 168	94 028 005
Sosiale utgifter	28 642 894	28 741 336	29 412 489	20 187 714
Kjøp av varer og tenester	63 607 842	44 242 424	43 788 980	51 125 532
Overføringer og tilskot til andre	29 015 187	23 075 334	18 659 334	24 765 789
Avskrivninger	19 149 753	19 149 753	0	19 001 957
Sum driftsutgifter	236 911 597	207 141 463	182 421 971	209 108 997
Brutto driftsresultat	-32 282 037	8 263 882	-14 633 013	-19 225 462
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-1 188 835	-573 589	-550 000	-307 412
Utbytter	-3 474 566	-3 474 566	-1 815 000	-819 097
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-1 066 904	-1 100 000	-1 100 000	-664 378
Renteutgifter	3 303 618	2 569 447	2 569 447	1 840 499
Avdrag på lån	7 613 340	8 227 340	8 227 340	7 613 340
Netto finansutgifter	5 186 654	5 648 632	7 331 787	7 662 952
Motpost avskrivninger	-19 149 753	-19 149 753	0	-19 001 957
Netto driftsresultat	-46 245 136	-5 237 239	-7 301 226	-30 564 466
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	5 231 820	38 250 000	11 560 000	18 000 082
Avsetjingar til bundne fond	14 922 335	12 790 086	11 355 000	13 854 183
Bruk av bundne fond	-14 524 739	-26 055 783	-8 731 876	-16 955 959
Avsetjingar til disposisjonsfond	40 615 720	11 232 958	9 473 265	20 666 160
Bruk av disposisjonsfond	0	-30 980 022	-16 355 163	-5 000 000
Avsetning tildlegare års mindreforuk				
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	46 245 136	5 237 239	7 301 226	30 564 466
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

§ 5-4. Bevilgningsoversikter – drift

	Rekneskap 2022	Rev.budsjett 2022	Oppr.budsjett 2022	Rekneskap 2021
Generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-26 810 729	-28 617 000	-28 617 000	-28 789 893
Inntekts-og formueskatt	-40 160 907	-31 393 000	-31 393 000	-32 162 857
Eigedomsskatt	-48 432 298	-47 100 000	-47 100 000	-53 116 417
Andre generelle driftsinntekter	-43 482 510	-37 937 460	-36 605 000	-38 095 585
Sum generelle driftsinntekter	-158 886 444	-145 047 460	-143 715 000	-152 164 752
Netto driftsutgifter				
Sum bevilninger drift, netto	107 454 654	134 161 589	129 081 987	113 937 333
Avskrivninger	19 149 753	19 149 753	0	19 001 957
Sum netto driftsutgifter	126 604 407	153 311 342	129 081 987	132 939 290
Brutto driftsresultat	-32 282 037	8 263 882	-14 633 013	-19 225 462
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-1 188 835	-573 589	-550 000	-307 412
Utbytter	-3 474 566	-3 474 566	-1 815 000	-819 097
Gevinstar og tap på finansielle omløsmidler	-1 066 904	-1 100 000	-1 100 000	-664 378
Renteutgifter	3 303 618	2 569 447	2 569 447	1 840 499
Avdrag på lån	7 613 340	8 227 340	8 227 340	7 613 340
Netto finansutgifter	5 186 654	5 648 632	7 331 787	7 662 952
Motpost avskrivninger	-19 149 753	-19 149 753	0	-19 001 957
Netto driftsresultat	-46 245 136	-5 237 239	-7 301 226	-30 564 466
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	5 231 820	38 250 000	11 560 000	18 000 082
Avsetninger til bundne fond	14 922 335	12 790 086	11 355 000	13 854 183
Bruk av bundne fond	-14 524 739	-26 055 783	-8 731 876	-16 955 959
Avsetninger til disposisjonsfond	40 615 720	11 232 958	9 473 265	20 666 160
Bruk av disposisjonsfond	0	-30 980 022	-16 355 163	-5 000 000
Avsetning tidlegare års mindreforbruk	0	0	0	-731 993
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	46 245 136	5 237 239	7 301 226	29 832 474
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).	0	0	0	-731 993

§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift, fordeling

		Rekneskap	Rev.budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
		2022	2022	2022	2021
Fra Bevilgningsoversikt:					
Til fordeling drift		107 454 654	134 161 589	129 081 987	113 937 333
Netto driftsutgifter pr. ansvar					
Finans / avskrivningar	Utg.	4 609 389	4 319 071	10 666 845	-4 708 406
Finans / avskrivningar	Innt.	-45 541 975	-11 420 000	-11 420 000	-23 424 532
Finans / avskrivningar		-40 932 586	-7 100 929	-753 155	-28 132 938
Rådmann med stab	Utg.	37 315 653	29 125 570	23 738 298	30 126 803
Rådmann med stab	Innt.	-15 255 014	-6 775 275	-6 364 175	-3 367 335
Rådmann med stab		22 060 639	22 350 295	17 374 123	26 759 468
Tenestetorget	Utg.	5 375 419	5 603 322	5 328 857	5 548 523
Tenestetorget	Innt.	-514 978	-492 600	-492 600	-1 014 035
Tenestetorget		4 860 441	5 110 722	4 836 257	4 534 488
Organisasjonssjefen	Utg.	1 571 387	1 818 589	1 778 545	1 578 528
Organisasjonssjefen	Innt.	-128 508	-384 125	-384 125	-197 021
Organisasjonssjefen		1 442 879	1 434 464	1 394 420	1 381 507
Lægreid skule	Utg.	26 666 801	26 298 323	25 634 753	24 988 988
Lægreid skule	Innt.	-2 994 156	-1 974 276	-1 974 276	-4 073 035
Lægreid skule		23 672 645	24 324 047	23 660 477	20 915 953
Modnen barnehage	Utg.	14 042 553	12 910 983	12 032 318	12 936 374
Modnen barnehage	Innt.	-2 246 870	-1 458 076	-1 458 076	-2 552 642
Modnen barnehage		11 795 683	11 452 907	10 574 242	10 383 732
Helsetenester	Utg.	15 296 145	12 290 404	11 505 552	13 150 047
Helsetenester	Innt.	-4 719 375	-2 688 650	-2 688 650	-3 894 133
Helsetenester		10 576 770	9 601 754	8 816 902	9 255 914
Kulturavdelinga	Utg.	10 405 104	9 602 659	8 966 832	9 060 982
Kulturavdelinga	Innt.	-1 531 341	-492 075	-492 075	-893 219
Kulturavdelinga		8 873 763	9 110 584	8 474 757	8 167 763
Kommunalteknisk drift	Utg.	36 922 612	30 014 295	28 557 417	34 143 677
Kommunalteknisk drift	Innt.	-9 143 996	-5 845 157	-5 845 157	-8 816 278
Kommunalteknisk drift		27 778 617	24 169 138	22 712 260	25 327 399
Kommunalteknisk drift- VA	Utg.	9 417 988	6 278 786	6 206 849	8 036 663
Kommunalteknisk drift- VA	Innt.	-17 398 057	-15 098 400	-15 098 400	-15 658 390
Kommunalteknisk drift- VA		-7 980 068	-8 819 614	-8 891 551	-7 621 727
Areal og miljø	Utg.	7 480 172	8 226 780	8 716 993	7 126 897
Areal og miljø	Innt.	-3 314 127	-3 281 737	-3 208 100	-5 079 146
Areal og miljø		4 166 045	4 945 043	5 508 893	2 047 751
Sosiale tenester	Utg.	5 192 750	3 041 423	2 983 617	3 581 709
Sosiale tenester	Innt.	-828 909	-57 775	-57 775	-96 339
Sosiale tenester		4 363 841	2 983 648	2 925 842	3 485 370
PLO	Utg.	43 465 871	38 461 505	36 305 095	44 536 256
PLO	Innt.	-6 689 885	-3 861 975	-3 856 575	-7 103 602
PLO		36 775 986	34 599 530	32 448 520	37 432 654
Netto for alle Enheter		107 454 654	134 161 589	129 081 987	113 937 333

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering

	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Investeringsutgifter				
Investeringar i varige driftsmidler	27 253 634	56 387 000	33 630 000	32 364 378
Tilskot til andre sine investeringar	0			0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	802 824	834 000	500 000	433 322
Utlån av egne midlar	400 000	400 000	400 000	5 200 000
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	28 456 457,90	57 621 000	34 530 000	37 997 700
Investeringsinntekter				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 028 018	-3 371 000	-2 570 000	-5 405 666
Tilskot frå andre	-5 509 050	-4 000 000	0	-42 261
Salg av varige driftsmidler	-3 687 570	0	0	-5 676 805
Salg av finansielle anleggsmidler	0			0
Utdeling fra selskaper	0			0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar	-2 772 067	-200 000	-200 000	-2 850 753
Bruk av lån	0	0	-20 000 000	-13 729 561
Sum investeringsinntekter	-13 996 705	-7 571 000	-22 770 000	-27 705 046
Videreutlån				
Videreutlån	1 200 000	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	-1 200 000	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	453 746	300 000	300 000	405 459
Mottatte avdrag på videreutlån	-420 219	-300 000	-300 000	-234 304
Netto utgifter videreutlån	33 527	0	0	171 155
Overføring fra drift og netto avsetn.				
Overføring fra drift	-5 231 820	-38 250 000	-11 560 000	-18 000 082
Avsetjing av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-33 527	0	0	-171 155
Avsetjing av ubundne investeringsfond	2 772 067	200 000	200 000	7 907 428
Bruk av ubundne investeringsfond	-12 000 000	-12 000 000	-400 000	-200 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	0			0
Sum overf. fra drift og netto avsetn.	-14 493 280	-50 050 000	-11 760 000	-10 463 809
Framf. til inndeckn. i senere år	0	0	0	0

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering ford.

		Rekneskap	Rev. budsjett	Oppr.budsjett
		2022	2022	2022
	Kostnader ved salg av driftsmidler	24 199	0	0
	Utlån av husbankmidlar	1 200 000	0	0
	Utlån av bustadfondet	400 000	400 000	400 000
	Kjøp av aksjar/andeler	334 000	334 000	0
	Eigenkapitalinnskot KLP	468 824	500 000	500 000
202013	Toalett Sysendammen	0	625 000	0
202020	Høgdebasseng Feetaleite	202 538	0	0
202021	Fagprogram frå Norkart (KOMTEK)	310 163	250 000	0
202024	Kaiutbetring	0	250 000	0
202026	Dagsturhytta	402 084	200 000	0
202105	Ombygging stellerom Modnen Bhg.	6 868	0	0
202106	Sysendalen renseanlegg	1 840 421	3 488 000	20 000 000
202107	Isdøla renseanlegg (tiltak luktreduksjon)	27 903	0	0
202110	Reinhaltsmodulen Famacweb	0	231 000	0
202118	Treningsapparat bygdaheimen	16 768	0	0
202119	Gateljos Hereidsvegen	0	250 000	0
202120	Sløkkjevatn gamle Kyrkja	3 290 583	5 643 000	0
202121	Sentrumskomiteen - Torgplass	1 314 116	13 775 000	0
202123	Trafikksikringstiltak Øvrehaugen	735 320	375 000	375 000
202124	Oppgradering Evjevegen 12 / 14	2 076 254	1 435 000	0
202125	VA anlegg Vassleite - Kyrkjevegen	1 275 103	1 320 000	0
202128	Nedgravd bosscontainer	360 582	0	0
202201	Vassleidning urnelund	20 543	100 000	100 000
202202	Ny telefoniløysning	0	190 000	190 000
202203	Ny grasklippar	115 625	150 000	150 000
202204	Nøkkkelboks brannvesenet	126 313	300 000	300 000
202205	Ny GPS oppmålig	73 759	315 000	315 000
202206	Driftsovervåking VA	78 905	300 000	300 000
202207	Båt havnevesen	371 196	375 000	375 000
202208	Ultralydapparat	262 406	375 000	375 000
202209	Elbil - bygdaheimen	0	400 000	400 000
202210	Ventilasjon Lægveid skule	1 006 631	1 250 000	1 250 000
202211	EL tavle samfunnshus	1 626 145	2 000 000	2 000 000
202213	Påbygg idrettshallen	45 069	7 500 000	7 500 000
202214	Velferdsteknologi Helse-omsorg	448 704	450 000	0
202215	Digital sjukemeld/refusjon løysing	159 500	0	0
202216	Sal Gamle kommunehuset	151 777	0	0
202217	Prosjekt " Kjærøyne"	65 781	4 000 000	0
202218	E-helseløysing	70 250	350 000	0
202219	Gnr. 5 bnr. 62	10 257 560	10 000 000	0
202220	Bil administrasjon	490 570	490 000	0
		0		
		29 632 259	57 621 000	34 530 000

Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar § 5-9. Drift

	Rekneskap 2022
Netto driftsresultat	-46 245 136
Avsetjingar til bundne driftsfond	14 922 335
Bruka av bundne driftsfond	-14 524 738
Overført til investering i samsvar med årsbudsjett og fullmakter	7 381 820
Avsetjing til disposisjonsfond i samsvar med årsbudsjett og fullmakter	11 232 958
Bruk av disposisjonsfond i samsvar med årsbudsjett og fullmakter	-11 630 022
Budsjettert dekning av av tidlegare års meirforbruk	0
Årets budsjettavvik (meir-eller mindreforbruk før strykningar)	-38 862 783
Strykning av overføring til investering	-2 150 000
Strykning av avsetninger til disposisjonsfond	0
Strykning av dekning av tidligere års merforbruk	0
Strykning av bruk av disposisjonsfond	11 630 022
Mindreforbruk etter strykningar	-29 382 761
Avsetjing av mindreforbruk etter strykningar til disposisjonsfond	29 382 761

Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar § 5-9. Investering

	Rekneskap 2022
Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån	14 493 280
Avsetninger til bundne investeringsfond	0
Bruk av bundne investeringsfond	-33 527
Budsjettert bruk av lån	0
Overføring fra drift i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	-38 250 000
Avsetninger til ubundet investeringsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	200 000
Bruk av ubundet investeringsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	-12 000 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	0
Årets budsjettavvik (udisponert beløp før strykninger)	-35 590 247
Strykning av avsetninger til ubundet investeringsfond	0
Strykning av bruk av lån	0
Strykning av overføring fra drift	33 018 180
Strykning av bruk av ubundet investeringsfond	0
Udekket eller udisponert beløp etter strykninger	0
Avsetning av udisponert beløp etter strykninger til ubundet investeringsfond	2 572 067
Fremført til inndeckning i senere år (udekket beløp).	0

§ 5-8 Balanserekneskapen

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
A. Anleggsmidler		
60-69 Sals- og leieinntekter	-12 079 422	-5 614 700	6 464 722	215
70-79 Refusjonar	-3 719 079	-2 037 300	1 681 779	183
80-89 Overføringsinntekter	-100 000	-100 000	0	100
90-90 Finansieringsinntekter	-799 728	-799 728	0	100
	29 564 229	29 995 753	431 524	99

Totalt er området innafor budsjetttramma, men det er store avvik på dei enkelte postane.

Av meirkostnad løn og sosiale kostnader utgjør koronakompensasjon, ca kr 300', medan resten vert kompensert ved sjukerefusjon.

På varer og tenester er det største overforbruket:

-kjøp tenester frå private kr 0,8 mill. (auke i kostand cruiseanløp, men med 6,2 mill. i auke inntekter)

-kontigentar / lisensar /gebyr kr 0,9 mill.

-juridisk bistand kr 0,6 mill.

-kjøp konsulenttenester kr 0,5 mill.

-inventar og utstyr kr 0,7 mill. (ca. 0,2 mill. prosjekt med tilsvarende meirinntekt).

Overføringane er kr 2,8 mill høgare enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak utbetalte statlege tilskotsmidlar på kr 1 mill., som ein mottok i 2021, og mva kompensasjon ca kr 1 mill., som har tilsvarende meirinntekt på inntektssia.

Meirinntekter på sals-og leieinntekter er i hovudsak auke cruiseavgifter på kr 6,2 mill.

Refusjonar er mva.komp, sjukerefusjonar og statlege tilskot, som vist til ovanfor.

TENESTEPRODUKSJON

Organisasjonssjef

Utarbeidd nytt delegeringsreglement for perioden 2020-2024. Vedteke i kommunestyret 4.3.2022.

Utarbeidd og oppdatert reglement for formannskap og kommunestyre. Vedteke i kommunestyret 30.5.2022.

HR/personal og HMS:

Etablert faste møter i AMU, og utarbeidd overordna handlingsplan for HMS saman med bedriftshelse1. Verneomboda har 4 faste møter i året.

Jobba med å få til eit betre HMS-avik-system gjennom Compilo.

Gjennomført sommarfest for alle tilsette i Eidfjord kommune i 2022. I tillegg vart dytt-kampanjen gjennomført som trimtiltak for alle tilsette i 2022.

Gjennomført seminar for alle leiarar innan emne oppfølging av sjukefråvær og arbeidsmiljø hausten 2022.

Gjennomført innkjøp av ny bedriftshelseteneste i 2022, for perioden 2023 og 2024 med opsjon på åra 2025 og 2026.

Gjennomført innkjøp av administrasjonsbil, og utarbeidd retningslinjer for bruk.

Gjennomført lønsforhandlingar for kap.3 og 5 hausten 2022.

I desember 2022 starta arbeidet med ein gjennomgang av personalpolitiske retningslinjer for Eidfjord kommune. Målet er å ferdigstilla desse til sommaren 2023.

Generell støtte/support til einingane i personal og tariffspørsmål.

Beredskapsarbeid:

Jobba saman med Statsforvaltaren i arbeidsgruppa for fjellpartiet Tussafoten, der målet er å få på plass ROS og beredskapsplan i 2023.

Varsling 24:Kjøpt inn system for lokasjonsvarsling ved særskilde hendingar til bruk i beredskapssamanheng – juli 2022.

Delteke på faste møter med Statsforvaltaren m.o.t å fylgja situasjonen i Ukraina. Atomberedskapsplanen er revidert, og det er føreteke innkjøp av jodtablettar.

Vidareutvikla krisestøtte-verktøyet CIM til bruk i beredskapsarbeidet. CIM er m.a oppdatert med overordna beredskapsplan for Eidfjord kommune. CIM har vore tema i KKL, og det er ein kontinuerleg prosess å utvikla dette verktøyet.

Gjennomgang av overordna ROS starta i 2022, og målet er å ferdigstilla revisjonen i 2023.



Tenestetorget

Tenestetorget har tilsaman 5,7 årsverk. Tenesta er ein del av rådmannen sin stab og yter tenester innafor sentralbord, servicefunksjonar, informasjon, annonsering, post/arkiv, sals- og skjenkeløyve, kommunalt utdanningsstipend, GDPR, sekretærfunksjon for politisk verksemd og valarbeid. Opplæring, system og support i saksystemet vårt er og ein viktig del av arbeidsoppgåvene våre.

Frå kantina vart ubemanna er det tenestetorget som har teke kaffikoking og oppvask til tilsette og møte. Dette er eit meirarbeid me har fått etter at me ikkje har tilsette i kantina lenger.

Det har dei siste åra vore stor utskifting i tilsette grunna pensjonering. Nye og motiverte tilsette har fått god opplæring og det vert jobba kontinuerleg med vidare opplæring og overlapping slik at tenesta no er god og robust til å løysa oppgåver. Gjennomsnittsalder er 45 år i tenestetorget.

Helse, Miljø og Tryggleik

Medarbeidarsamtalar er gjennomført hjå alle tilsette i tenestetorget i 2022. Frå mai var det berre fast tilsette i tenestetorget, og me meiner me har organisert oss godt med tanke på arbeidsoppgåver, ansvar, mengde og arbeidsmiljø.

Daglege oppgåver

Sentralbord og kundemottak med ulike oppgåver/tenester for heile kommunen med spørsmål og svar.

Koronarestriksjonar i arbeidet vårt vart betydeleg mindre i 2022 då alt vart letta opp frå sentralt hald.

Tenestetorget har ansvaret for journalføring, arkivering, rutinar og kvalitetssikring i sakssystemet vårt. Me har sett ein tydeleg auke og aktivitet i arbeidet vårt.

Oversikt over nye arkivsaker og dokument i websak – utvikling:

Post/arkiv	2020	2021	2022
Arkivsaker	1042	1132	975
Hovuddokument (i tillegg kjem alle vedlegg)	9839	12741	13833

Vidare stiller tenestetorget sekretær for eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg stiller politisk sekretær i interne møte som arbeidsmiljøutvalet, leiarmøte og i andre møte etter behov.

Tenestetorget organiserte arbeidet med TV-aksjonen saman med ordførar, med flott resultat for Eidfjord.

Tenestetorget utfører ulike sekretæroppgåver for fjellstyret, som blant anna journalføring av post, arbeid med reinsjakta, utlån av hytter og nøklar m.m. Ny avtale med fjellstyre frå 01.01.2022 då fjellstyresekretæren gjekk frå kommunalt tilsett til å verta konsulentfirma.

Tenestetorget handsamar også søknader om skjenke- sals- og serveringsløyve. Sakshandsamar har delteke på kurs/opplæring, og brukt ein del tid på lovar og reglar kring dette.

Utvikling it opplæring/support

Tenestetorget oppdaterer og vurderer kva som er behovet for ny teknologi i sak-/arkivsystemet.. Ein må sjølve fylgja med, og kursa seg kontinuerleg. Det er viktig når ein innfører nye rutinar i elektroniske system at ein har alle med seg, elles vert det ein tung prosess for heile organisasjonen.

I 2021 vart det innført elektronisk signatur på møtebøker for politiske utval slik at dei slepp møta opp fysisk for å signera. Etter eitt års erfaring synest me systemet fungerer bra, men det må fortsatt purrast ein del for å få signatur på møtebøker sjølv om det no er elektronisk og lettvtint. Dette skapar meirarbeid for oss.

Det er også viktig at leiarar/sakshandsamarar i saksystemet vårt får god opplæring og support for å få god forståing og kvalitet i sak/arkivsystemet vårt slik at ein får teke vare på dokumentasjonen til kommunen på ein forsvarleg måte for ettertida etter gjeldande lover.

Det vert kontinuerleg jobba med system og malar slik at dei vert tilpassa våre system og rutinar. Dei fleste prosessane våre er elektroniske, men me har framleis papirarkiva og. Dette meiner tenestetorget er viktig då ein ser kor sårbare me er ved for eksempel langtidslagring av data, straumbrot, haching osv.

Draftit, personvern (GDPR)

Kommunen har teke i bruk Draftit der me skal registrera alle behandlingane me gjer, og risikovurdera dei. Tenestetorget har 39 behandlingar i systemet som er registrert og handsama ferdig i 2022.

Avvik

Dei avvika me har i tenestetorget er stort sett knytta til personvern. Me har gode system, men det er nesten uungåeleg med avvik likevel sjølv om postlister vert kvalitetssikra kvar dag. Oftast er det eit personnummer som ligg «inneklemd» i eit dokument som havna ut på innsyn. Sidan innbyggjarane våre er aktive brukarar av innsyn får me ofte tilbakemeldingar frå dei om det er noko som ikkje burde ligga ute på innsyn.

Arkiv og arkivtilsyn .

Arkivtilsynet frå 2020 med fleire pålegg og avvik fekk me lukka juli 2022 med ein frist på 3 år til å vera ferdig. Arbeidet omfattar all dokumentasjonsforvaltning i heile kommunen, både elektroniske system og papir.

Arkivleiar har kartlagd papirarkiva, og i lag med Interkommunalt arkiv i Hordaland er me i gang med å rydda og katalogisera papirarkiva slik det skal leverast til depot. Kommunestyret har sett av kr. 1.500.000 til dette arbeidet.

Arkivleiar i lag med IKT har kartlagt dei elektroniske systema og arbeidet med uttrekk og avlevering er i gang.

Gamalt arkiv frå 1900 tallet

Ved sal av det gamle kommunehuset vart det funne arkiv frå 1900-1968. Dette arkivet var både råte og muggskada. Mykje vart kassert, men det arkivverdige materiale som me er plikta til å ta vare på er sendt til Innlandet Fylkesarkiv / IKA Opplandene på Lillehammer for muggsanering.

Digitalisering

Tenestetorget har brukt, og brukar mykje tid på digitalisering og utarbeiding av rutinar i høve desse. Dette er eit heilt nødvendig og kontinuerleg arbeid. Nokon arkivdeler er fullelektroniske, men dei fleste er enno på papir i tillegg.

Informasjonsarbeid

Det er produsert 2 utgåver av Eidfjord Nytt i 2022. Den siste utgåva med ny redaktør i tenestetorget.

Redaktøren er og med i tverretatleg heimesidegruppa i kommunen.

Politisk arbeid

Det er dei folkevalde som trekkjer opp linjene for utviklinga til kommunen.

Oversikt over politiske saker til handsaming – utvikling:

Politiske saker	2020	2021	2022
Kommunestyret	77	102	122
Formannskapet	160	190	182
Valstyre	0	7	0
Valnemnd	7	9	6
Adm.utvalet	9	0	3
Tingingsutval mellom EK og rådmann	Nyoppretta	6	6
Utval for motorferdsel	17	6	59
Viltnemnda	7	7	15
Eidfjord ungdomsråd	3	8	12
Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	22	24	39
Eidfjord Klagenemnd for eigedomskatt på verk og bruk	3	0	0
Eidfjord målbruks- og namnenemnd	0	3	1
Eidfjord fjellstyre	32	37	49

Oversikt over delegerte saker – utvikling:

Delegerte saker	2020	2021	2022
Formannskapet	271	420	399

Tenestetorget stiller med møtesekretær, og er politisk sekretariat for formannskap og kommunestyret, og dei fleste andre utval.

Tenestetorget syter for at politikarane får utbetalt møtegodtgjersle 2 gonger i året.

Økonomiavdelinga

Det er tre tilsette på avdelinga i 2,90 årsverk.

Avdelinga har ansvar for budsjett/ økonomiplan, rekneskap, finansforvaltning, eigedomsskatt, fakturering og løn.

Nokre nye saker i 2022

- Slutføring av ny refusjonsmodul.
- Innført ny modul for handtering av gebyr og fakturering for vatn og avløp (KOMTEK)

IKT

IKT har leiar i 100 % stilling og IT konsulent i 60 % delt med Ulvik (40%)

Kommunen har ikkje hatt større driftsavbrot eller alvorlege hendingar på IKT i 2022.

Ein kjenner heller ikkje til uautorisert tilgong, tap av data eller større avvik av personsensitive data. Men ein har hatt nokre tilfelle hvor brukerid / passord har vært på avveie på skulen.

Det generelle trusselnivået mot IT systemer i offentlig sektor aukt betydelig i 2022, og forventes å fortsette å auke.

NSM, Helsenisert, Kommunensert og produsenter kommer ukentlig med varslar om sårbarheter i IT systemene, noe som IT må vurdere og eventuelt følge opp.

Kommunen leiger inn en profesjonell aktør for denne oppfølgingen, da dette krever spesialkompetanse, noe som gjør at konsulentbruk er økt i 2022, og forventes å være høyt fremover.

Kommunen deltar i fleire lokale og nasjonale løysingar og utviklingsprosjekt saman med Digi Vestland, KS, hvor fleire av desse er under implementering i tenestene.

UNDERVISNING

Under eininga Undervisning, ligg fylgjande: skule, offentleg bading, vaksenopplæringa og SFO

ØKONOMI

Læg Reid skule	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	22 351 279	21 719 919	-631 360	103
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	2 950 738	3 531 228	580 490	84
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	889 737	674 700	-215 037	132
40-49 Overføringsutgifter	475 047	372 476	-102 571	128
60-69 Sals- og leigeinntekter	-732 990	-881 800	-148 810	83
70-79 Refusjonar	-2 261 166	-1 092 476	1 168 690	207
90-90 Finansieringsinntekter	-2 000	-52 000	-50 000	4
	23 670 645	24 272 047	601 402	98

Totalt ligg eininga litt under budsjett. Avviket på løn vert inndecka av sjukerefusjonar. Mindreforbruket på varer og tenester er på postane matvarer og skyss, og i tillegg skulle ca. 100 000,- vore budsjettet på 30-39, som då ville ha redusert overforbruket på denne posten.

TENESTEPRODUKSJON



Læg Reid skule

Læg Reid skule hadde ved årsskiftet 93 elevar.

Etter omorganisering i administrasjon og leing i 2022, har fordeling av arbeidsoppgåver mellom konsulent, ass.rektor og rektor/einingsleiar falt på plass i løpet av året. Administrasjonsmøte vert holdt kvar måndag morgon. Årsverk elles på eininga er forholdsvis likt som tidlegare år.

Det er nedgang i fråvær samanlikna med tal frå 2021(i parentes). Fråværsprosenten er no på 4,5 % (8,91 %) for skulen og 7,44 % (16, 25 %) for SFO. Fråværet fører til meirforbruk i lønnskostnader til vikarar. Refusjon av sjukepengar dekker noko vikarbruk. Sjukefråvær er drøfta med verneombod og tillitsvalt og me ser på kva som er årsaka bak tala og kva tiltak me set inn. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette.

SFO

SFO hadde ved årsskiftet 29 elevar. Tilsette har variert og solid erfaring, og har arbeidd med å vidareutvikle årsplan i samband med ny rammeplan for SFO gjennom året. SFO gjennomførte modul 0 og 1 i kompetansepakke frå Utdanningsdirektoratet i tilknytning til rammeplanen, og fortset arbeidet med modulane i 2023.

Ein gong i veka er det lunsjmøte for tilsette. Årsplan vert utarbeidd kvart år, og SFO-post vert sendt ut til føresette fleire gonger i året.

Ein bra dag på jobb

Hausten 2022 gjennomførte heile personalet «*Ein bra dag på jobb*». Dette er eit verktøy utarbeida av STAMI, og skal hjelpe tilsette i undervisningssektoren til å få betre arbeidsflyt, meir motivasjon og mindre sjukefråvær. Arbeidet med arbeidsdukane som var tilknytt opplegget, førte til gode diskusjonar og refleksjonar mellom tilsette, og vil munne ut i ein handlingsplan våren 2023. Opplegget er gjennomført i samarbeid med VO og ATV i UDF, med gode samarbeidsmøte både i forkant og mellom samlingane. Arbeidet har engasjert personalet.

Korona

Våren 2022 var også prega av fokus på smittevern og god drift til det beste for elevar og tilsette. Me har halde ope skule og SFO i tråd med nasjonale føringar og retningslinjer for smittevern. Det er utarbeidd beredskapsplan for eininga. Vi har opplevd at utviklingsarbeid har blitt sett på vent dette året også, særskild på våren. Det er difor framleis er det ein del som står att i forhold til arbeid med fagfornyninga, men håpar at 2023 skal gi oss meir tid og rom til dette.

Heimekontor har vore lagt til rette for, men dei aller fleste møter er gjennomført som normalt.

Skulen har godt samarbeid med føresette, kommuneoverlege og eininga helse og omsorg om smittevern og tiltak som vaksinasjon, utdeling av hurtigtestar og informasjon. Einingsleiar har deltatt på dei fleste KKL-møta gjennom året.

Eksamen vår 2022 vart avlyst grunna korona for 3.gong, men vi håpar at 2023 vert eit år vi kan gå tilbake til vanleg drift på alle område.

Skulemiljøet og haldningsskapande arbeid

Kvalitetsmeldinga for skulen omhandlar m.a. resultat frå Elevundersøkinga og resultat på nasjonale prøvar, og vert lagt fram i kommunestyret kvart år. Me gjennomfører Elevundersøkinga for 5.-10. klasse. Me har nulltoleranse for mobbing. Skulen nyttar programma *Zippy's venner*, *Passport* og *Det er mitt val* i det førebyggjande arbeidet for livsmeistring og eit godt skulemiljø. *Passport* for elevar på mellomtrinnet er ei vidareføring av *Zippy's venner*. Tilsette på ungdomstrinnet har hausten 2023 fått 1.opplæring i programmet *Drømmeskolen*. Opplæring vil fortsette våren 2023, og så tek skulen programmet

systematisk i bruk hausten 2023. I tillegg gjennomfører me nasjonale haldningsskapande arbeid.

I 2021 fekk skulen tilskot frå Utdanningsdirektoratet til kompetanseheving innan psykisk helse i grunnskulen gjeldande frå 1. januar 2022. Tilskotet skal dekke vidare arbeid med *Zippy's venner*, forankring av *Passport* og til å dekke samlingar lokalt og i regionen. I tillegg er noko av tilskotet brukt til førearbeid om *Drømmeskolen* som er introdusert på ungdomstrinnet. Forskingsmiljø og Utdanningsdirektoratet skal fylgje arbeidet med kompetansehevinga fram til sommaren 2023.

Skulen vart miljøtårnsertifisert sommaren 2022, og har fokus på haldningsskapande arbeid om miljø- og klimautfordringar. Skulen deltek på fleire av aktivitetane til Miljøagentane, og fleire av klassane har vunne fine premiar som motiverer til vidare arbeid for miljøet. Ungdomstrinnet arrangerer klimatoppmøte kvart år med engasjerte elevar.

Trivselsprogrammet (TL), der elevar er ansvarlege for aktivitetar i friminutta er positivt for skulemiljøet. Fleire skular i regionen er med på programmet og har felles opplæring i Eidfjord.

Skulematen har i 2022 hatt høg deltaking av elevar. Meny vert utarbeidd og sendt ut til føresette 3. kvar veke. Evalueringsmøte mellom partane er gjennomført. Elevrådet har hatt si årlege evaluering, og i tillegg hadde vi ei samling for heile personalet i august saman med leverandør, der ein gjekk gjennom avtale og evaluerte menyen.

Måloppnåing

Me gjennomfører nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar kvart år. Klassar vert kartlagde i lesing, rekning og engelsk. I 1.-4. klasse brukar me Utdanningsdirektoratet sine kartleggingsprøvar. I tillegg nyttar skulen internt kartleggingsverktøy i samarbeid med PPT og spesialpedagogisk team for å avdekke behov for ekstra tilrettelegging.

IKT

Det er ressurs på 30% til IKT-ansvarlege på skulen. Det er naudsynt at me har ressurspersonar til å drifte og å vere pådrivarar for pedagogiske løysingar. IKT i kommunen har blitt styrka med 60%, og vi har hatt godt samarbeid med dei. Me må ha lisensavtalar som kan vere med å oppfylle kompetansemål, og bidra til variert og tilpassa opplæring. Skulen er Smart Ambassadør skule.

I slutten av 2021 fekk skulen tilskot frå Utdanningsdirektoratet til innkjøp av programmeringsutstyr. Det er kjøpt inn utstyr som høver for elevar på tvers av klassane og i relevante fag og i stasjonsarbeid.

Saman med eining Kultur og berekraft, gjennomførte Lægreid skule sommarskule 1.-5. august 2022. Kurshaldar var Marita Nicolaisen frå First Scandinavia Partner AS. Kurset *FIRST LEGO League Mini Camp* var eit tilbod for 6.-10. trinn og varte frå 09.00-15.00 måndag til fredag. Det deltok 5 elevar frå 6. klasse, 2 elevar frå 8. klasse og ein lærar.

Kompetanseutvikling

Ein lærar tek vidareutdanning i kroppsøving gjennom den statlege ordninga Kompetanse for kvalitet. Skulen har fagarbeidarar med god utdanning innan hjelp og tilrettelegging for born med spesielle behov. To fagarbeidarar har hausten 2023 kome inn på SFO-studie 60stp over to år, og tek til med dette januar 2023. Skulen har hatt vidare opplæring av tilsette både frå ressurspersonar innad i personalet, og med krefter utanfrå, for å styrke sin kompetanse innan programmering.

Offentleg bading

Offentleg bading var også våren 2022 gjennomført med korona-tiltak. Hausten 2023 gjekk me tilbake til gamle tilbod og rutiner. Hausten 2023 kom også laurdagsbadinga som er dugnadsbasert av føresette i gang igjen.

SAMLA VURDERING

- Me har tilsette som er gode på å ivareta elevane sitt psykososiale læringsmiljø
- Tilsette er opptekne av fagleg oppdatering og kompetanseheving på mange område. Dette viser att m.a. gjennom variert og tilpassa opplæring for elevane
- Skulen ligg på nasjonalt nivå/ over på nasjonale prøvar
- Skulen nyttar nærområda til aktivitetar og undervisning kvar veke
- Skulen må halde fram arbeidet med kompetansepakker frå UDIR for å implementere nye læreplanar og ha fokus på læring for framtida
- Må vidareutvikle skulen innan IKT og vektlegge pedagogiske drøftingar om val av digitale ressursar/opplæring
- Arbeide med handlingsplan i «*Ein bra dag på jobb*».

MODNEN BARNEHAGE

Modnen barnehage er ein 4 avdelings barnehage med plass til 57 born totalt. Det er 2 småborn og 2 storbornsavdelingar. Kvar avdeling vert leia av 1-2 pedagogiske leiarar. I tillegg har me støttepedagog, fagarbeidarar og assistentar. I administrasjonen har me 20% kontorassistent, 60% styrar og 100% einingsleiar.

I 2022 hadde me om lag 19 stillingsheimlar. Dette er over grunnbemanninga, noko som skuldast høge bornetal og spesialpedagogiske tiltak.

ØKONOMI

Modnen barnehage				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	12 573 907	11 423 940	-1 149 967	110
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	889 929	998 067	108 138	89
30-39 Tenester som erstattar komm.eigenproduksjon	430 144	355 000	-75 144	121
40-49 Overføringsutgifter	148 573	133 976	-14 597	111
60-69 Sals- og leigeinntekter	-1 464 284	-1 307 100	157 184	112
70-79 Refusjonar	-782 586	-150 976	631 610	518
	11 795 683	11 452 907	-342 776	103

Me hadde noko avvik på lønnspostane. Dette skuldast i hovudsak auke i bornegruppene og spesialpedagogiske tiltak som ikkje vart teke med i budsjettet.

TENESTEPRODUKSJON

Våren 2022 vart det 54 born i barnehagen. Det var 15 born fødd i 2016, som starta på skulen hausten-22. I løpet av hausten vart det tilsaman 56 born i barnehagen. Det har byrja born som er fleirspråklege, ein har teke i mot born frå Ukraina, og ein har fleire born med trong for spesial pedagogisk hjelp. Alle som har søkt plass har fått det tilbodet dei har søkt om.



Modnen barnehage skal ha nulltoleranse mot mobbing og korleis ein skal jobba kjem tydeleg fram i handlingsplanen vår mot mobbing. Me har gjennom dei siste åra jobba mykje med krenkingsbegrepet med tanke på at det vart endring i barnehagelova og innført ein aktivitetsplikt frå 01.01.21. Endringane krev at barnehagane jobbar systematisk for å førebyggje mobbing og krenkande oppførsel, og at me skaper eit godt miljø der borna trivest.

Me har frå hausten 2021 starta opp med faste spesialpedagogiske møter i barnehagen. Her kan ein diskutere born som anten er i gråsona eller born som allereie har ekstra oppfølging/vedtak. Ein kan og diskutere, hente råd og dele erfaringar med kvarandre. Støttepedagog, pedagogiske leiarane, styrar, helsesjukepleiar og logoped kan delta på desse møta. Det er også laga ein spesialpedagogisk plan for å sikre tidleg innsats.

For å kunne sikre barnas rett til medverknad og at dei jamleg får høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda, har me valgt å jobbe prosjektbasert framfor temabasert.

Rammeplan har som mål å gje styrarar, pedagogiske leiarar og resten av personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehageverksemda. Vidare vektlegg planen vaksne sine haldningar, kunnskap og kompetanse til å møta, forstå og oppdra born til aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. Rammeplanen understrekar også barnehagen sin særeigne pedagogiske verksemd med vekt på omsorg og leik, læring og danning, og sosial og språkleg kompetansebygging. Desse områda skal det arbeidast med gjennom sju fagområder.

Barnehagen har kvalifisert personale der ca 40% er barnehagelærar. Me har også pedagogar med anna utdanning. Men me har ikkje lukkast i å få nok kvalifisert personale frå hausten 2022.

Me har fleire tilsette med fagarbeidarutdanning.

Kompetanseheving skjer internt på avdelingsmøte, teammøter, spespedmøter, fagmøter for alle barnehagelærarane, personalmøte, planleggingsdagar og i rettleiingssamtalar.

Me deltok på fleire webinaer i løpet av 2022 med tema som var viktige for oss, mellomanna tilbagemeldingskultur og kommunikasjon. Våren-2022 hadde me inne ein føredragshaldar som snakka om korleis ein best mogleg kan tilrettelegge det fysiske innemiljøet i barnehagen.

Barnehagen har gjennom regional ordning for kompetanseutvikling fått midlar til å jobbe med utviklingsarbeid. Eksterne vurderarar samt lærar frå høgskulen på Vestlandet, var hausten 2022 inne ei veke i barnehagen. Der observerte dei kvardagen, intervjuar borna og hadde møter med tilsette og foreldre i samband med utviklingsområde. Ut frå dette vart det laga ein rapport som vart lagt fram for dei tilsette, samarbeidsutvalet og kommuneeeigar. Utviklingsområdene vert saman med dei eksterne aktørane jobba vidare med det neste året.

Me har javnlege møter med bedriftshelsetenesta. Saman lagar me handlingsplan for kommande år og dei er kvart år med oss på planleggingsdag i august der aktuelle tema vert gått gjennom. I fjor var tema psykisk og fysisk arbeidshelse.

Overgangsplanen mellom barnehage og skulen vert revidert kvart år. Ein samarbeider godt med skulen med tanke på å førebu førskuleborna til skulestart.

Det vart gjennomført eit foreldremøte hausten 2022. Foreldra jobba i grupper der tema var bevisstgjerjing kring foreldra si rolle når det gjeld inkludering. Det har vore gjennomført møter

i samarbeidsutvalet der mellomanna utfordringar angåande nok areal i barnehagen, dagnadsarbeid og budsjett har vore tema. Det har vore gjennomført foreldresamtalar på alle avdelingar.

SAMLA VURDERING

- Alle som søker barnehageplass innanfor søknadsfristen i mai og oktober får plass.
- Born og vaksne trives.
- Me er gode på å ha barnehagen sitt overordna mål i sentrum, det å sjå dei einskilde borna sine behov og å fylgja dei opp i kvardagen.
- Personalet er endringsvillige og fleksible.
- Me har dekning av barnehagelærarar og anna pedagogisk personale
- Fokus på kompetanseheving hjå heile personalgruppa.
- Fokus på psykososialt arbeidsmiljø

HELSEAVDELINGA

Avdelinga omfattar legekontor, helsestasjon, og psykiatrisk sjukepleiar, barnekoordinator og fysioterapi. I tillegg kjøp av jormor og psykologtenester frå andre kommunar. Samla årsverk; 7,9 faste stillingar.

ØKONOMI

Helsetenester

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	10 195 884	8 533 210	-1 662 674	119
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	2 145 458	1 287 800	-857 658	167
30-39 Tenester som erstattar komm.eigenproduksjon	2 700 799	2 224 744	-476 055	121
40-49 Overføringsutgifter	254 004	244 650	-9 354	104
50-59 Finansieringsutgifter	1 000 000	0	0	-
60-69 Sals- og leigeinntekter	-658 933	-608 000	50 933	108
70-79 Refusjonar	-4 060 442	-2 080 650	1 979 792	195
90-90 Finansieringsinntekter	-69 056	-173 056	-104 000	40
	11 507 714	9 428 698	-2 079 016	122

Helseavdelinga dreiv i 2022 over budsjett med 2 mill, slik rekneskapen viser. Det er avvik på alle postar. Når det gjeld lønnskostnader må ein sjå avviket i samanheng med tilsetjing av vaksinekoordinator, vaksinepersonell, smittevernkonsulent, overtidsarbeid og vikar i samband med sjukefråvær og foreldrepermisjon. Sjukefråværet i 2022 var totalt 14,57% mot 13,21% i 2021.

Ca kr 380 000 er registrert som utgifter knytt til corona pandemien. Me har ca 2 mill meir i refusjon enn budsjettert, utan dette hadde avviket vore betydeleg høgare.

TENESTEPRODUKSJON

Legetenesta

Det er to fastlegar i faste legestillingar ved Eidfjord legekontor, samt ein LIS1. Kommuneoverlegestillinga har 50% administrasjon og 50% pasientretta arbeid. I perioden 01.03-30.09 har ikkje kontoret hatt LIS1. Kommunelege 2 har vore i 50% permisjon i store deler av 2022. tille

Det er kring 1050 personar som har fastlege ved Eidfjord lækjarkontor. Legekontoret har hatt 3742 konsultasjonar med lege og 1863 konsultasjonar med sjukepleiar i 2022. Tal konsultasjonar har normalisert seg, noko som har gjort at refusjonsinntektene er høgare dette året

Diabetessjukepleiar, som er tilsett ved Bygdeheimen arbeider to dagar i månaden på legekontoret, og tilbyr diabeteskontrollar. Denne ordninga fungerer godt.

Legekontoret har hatt ansvar for Covid-19 vaksining i 2022. Alle som har ynskt det har fått vaksine.

Legevakt

Eidfjord legekontor har lokal daglegevakt mellom 8-16 på kvardagar. Vaktene er fordelt mellom legane. Utover dette er Eidfjord kommune tilknytt Voss interkommunal legevakt. Eidfjordlegane har vakt i snitt ein dag i veka i interkommunal legevakt.

Helsestasjonstenesta

Helsesjukepleiar i kommunen er tilsette i 60% stilling. Frå april 2021 er stillinga til helsesjukepleiar auka frå 60% til 100%, med tilskot frå Statsforvaltaren, til styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelseteneste.

Helsetestasjonstenesta inkluderer førebyggjande tenester til born og unge 0-20 år med pårørende, samt helsestasjon og skulehelseteneste. Helsesjukepleiar jobbar og førebyggjande med offentleg helsearbeid, smittevern og vaksinasjonsprogrammet for barn og unge. Tverrfagleg samarbeid med til dømes BUP, PPT, barnevern osv, er ein viktig del av denne tenesta.

I 2022 vart det fødd 6 barn og det er totalt 65 sped- og småbarn i kommunen. Det har vore godt oppmøte på helsestasjonen. I 2022 var det 100% vaksinasjonsdekning for barn opp til skulealder. Helsesjukepleiar har hatt pubertetsundervisning i 5. klasse og tilrettelagt for prevensjon undervisning i 9. av MSO Bergen.

Helsesjukepleiar har vore koordinator i 4 ansvarsgrupper, barnekoordinator har overteke koordineringsansvaret til barn med omfattande og langvarig behov. Bergliot Maria og helsesjukepleiar har hatt jente kafé med jentene på ungdomskulen. Dette tilbodet har vorte erstatta av jente laurdag i skuleåret 22-23.

Helsesjukepleiar er medlem i kriseteamet, oppvekstgruppa og i ei tverrfagleg gruppe som består av barnevernet, skule, barnehage, PPT.

Helsesjukepleiar har brukt mykje tid av stilling til korona relatert arbeid i 2022, planlegging av vaksining, opptrekk av vaksine og vaksining.

Jordmor

Eidfjord kommune hadde jordmorteneste i 10%, jordmor føl opp gravide gjennom svangerskapet. Det er laga plan for jordmortenesta. Alle gravide Eidfjord har fått til bod om jordmorkontroll i 2022.

Barnekoordinator

Det er i 2022 tilsett barnekoordinator i 20% stilling. Som fylgje av Likeverdsreformen 2021 er rett til barnekoordinator no nedfelt i Helse- og omsorgstjenesteloven §7-2a, og i Pasient og brukerrettighetsloven §2-5c. Retten til barnekoordinator vil gjelde for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, der barnet har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester. Barnekoordinator har overteke koordineringsansvaret til barn med omfattande og langvarig behov. Ein ser allereie at 20% til denne funksjonen er knapt i forhold til behovet i kommunen.

Psykisk helse

Psykiatrisk sjukepleier i kommunen er tilsette i 50%. Det meste av stillinga går med til pasientkontakt. Tilbodet er lavterskel, der brukarane kan ta direkte kontakt eller vert henvist frå lege, fysioterapeut og spesialisthelsetjeneste.

I 2022 har alle pasientar som er henvist eller sjølve har teke kontakt fått oppfølging i denne tenesta. Dei siste fire åra har det vore stabile tal med 18 –25, gjennomsnittsalder er 45 år.

Psykiatrisk sjukepleiar arbeider tverrfagleg med planar og førebyggjande arbeid. Psykososialt kriseteam er og ei viktig oppgåve, det same gjeld vegleiing av anna personell i kommunen ved behov. Handlingsplan for Psykososialt kriseteam er under revidering og skal opp som sak i kommunestyre i 2023 og formelt forankrast. Vidare deltek tenesta i hukommelses- teamet.

I 2022 er det sett ned ein arbeidsgruppe for RPO (rus og psykiatri) samarbeid mellom Eidfjord kommune og Ulvik herad. Det er oppretta intensjonsavtale i høve felles ROP teneste. Det har vore 2 møter hausten 2022.

Kommunepsykolog

Kommunepsykologen sitt kliniske arbeid er meint å vera eit lågterskeltilbod og ha fokus på å førebygging av psykiske vanskar. Kommunepsykologen skal bidra til å løfta kompetansen om psykisk helse i kommunen. Funksjonen skal tilby undervising og rettleiing, individsamtalar, bistand på systemnivå med evaluering, tenesteutvikling og kommunalt plan og utgreiingsarbeid.

Eidfjord har kommunepsykolog ein dag i veka.

Rådgjevande eining for russaker.

Frå 1.juli 2022 er kommunar pålagt å ha rådgjevande eining for russaker. Eininga har ansvar for å møte personar når oppmøte er sett som vilkår for ein bestemt strafferettsleg reaksjon. I samband med den varsla førebyggings- og behandlingsreforma som Regjeringa vil innføre frå 2023 er det varsla at dei rådgjevande einingane kan verte pålagt fleire oppgåver. Denne eininga er organisert på legekontoret i Eidfjord. På sikt vil det vera naturleg å vurdere å legge denne funksjonen til ruskonsulent/førebyggingskonsulent.

Konsultasjonsteam

Konsultasjonsteam er eit rettleiande organ som gjev råd og rettleiing til saker der det er mistanke om vald og overgrep mot barn, unge og funksjonshemma. Dette er eit interkommunalt tverrfagleg samarbeid. Konsultasjonsteamet har møter ein gong i månaden, oftare dersom det er naudsynt. Kommuneoverlege i Eidfjord deltek i dette teamet.

Fysioterapi

Det er tilsett to fysioterapeutar i faste stillingar med statleg fastlønstilskot. Ein i 60%, og ein i redusert stilling frå 100% til 80%, så til saman er det 140% stilling hjå fysioterapien i dag. Bemanninga har gjennom 2022 vore god. Bjørg Solstad vart tilsett som vikar i 50% stilling frå 12.01.22.

Fysioterapien er aktive i førebyggjande arbeid og med kvardags rehabilitering. Dette er tidkrevjande arbeid, men er vanskeleg å måla størrelsen av. Vidare har fysioterapien ansvar for rutinemessig undersøking av spedborn i lag med helsestasjon. På Bygdaheimen har fysioterapien tilsyn med eit varierande tal pasientar 2022 har vore eit aktivt år hjå Fysioterapiavdelinga. Etterspørselen har vore stor gjennom heile året.

Det har i løpet av 2022 vorte utført 870 pasientkonsultasjonar. Desse er fordelt på 135 pasientar. Dette gjev 6,44 konsultasjonar pr. pasient.

Det var noko venteliste i starten av året, men alle med akutte behov fekk tilgang til behandling. Utover vinteren vart ventelista tatt unna, og frå hausten var det ikkje venteliste. Dette gjorde at det vart meir tid til førebyggjande arbeid. På hausten vart det arrangert kurs i fallførebygging. Dette vart godt motteke og etterspurt og vert difor vidareført i 2023.

SAMLA VURDERING

2022 har vore eit krevjande år med tanke på bemanning og oppgåveløysing. Det har kome til nye funksjonar også dette året. Lokala har i lengre tid vore ei utfordring på helseavdelinga då ein ikkje klarer å oppretthalde godt personvern og gode arbeidstilhøve. Det er ikkje nok kontor til dei funksjonane som er tilknytt eininga. Det vert framleis jobba med å få på plass struktur og rutinar.

KULTUR, NÆRING OG BEREKRAFT

Eininga kultur, næring og berekraft er ei allsidig eining med mange ansvarsområder.

Eininga har 3,7 faste stillingar fordelt på 8 tilsette, samt sesongarbeid i galleriet og har i 2022 hatt enkelte vikar og prosjektstillingar.

ØKONOMI

Kultur/Næring & bærekraft

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	5 607 963	5 486 727	-121 236	102
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	2 015 694	1 609 257	-406 437	125
30-39 Tenester som erstattar komm.eigenproduksjon	118 720	236 000	117 280	50
40-49 Overføringsutgifter	2 662 727	2 270 675	-392 052	117
50-59 Finansieringsutgifter	0	35 000	0	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-169 205	-150 600	18 605	112
70-79 Refusjonar	-1 111 636	-341 475	770 161	326
80-89 Overføringsinntekter	-250 500	0	250 500	0
90-90 Finansieringsinntekter	-1 000 000	-1 353 000	-353 000	74
	7 873 763	7 792 584	-116 179	101

TENESTEPRODUKSJON

Barn og ungdom

Oppvekstgruppa arbeider kontinuerleg med å fanga opp det som skjer blant dei unge og sjå på tilbod og trendar i ungdomsmiljøet. I 2022 opna me saman med drift opp mekkelokale for ungdom. Kommunen har lagt til rette ein garasje med opphaldsrom ved fellesbygget på Lægreid. Mekkeklubben er foreldredriven og foreldrene har ansvar for nøkkel. Mekkeklubben har vore ei stor suksess og godt besøkt. Det har gitt eit fritidstilbod til ei gruppe som ikkje deltok på andre organiserte aktivitetar.

I desember 2021 vedtok Eidfjord kommunestyre at fritidsklubben skal flytta til ungdomshuset noko som vil gje ungdommane ein solid base for sine aktivitetar. Me måtte venta til tidlegare leigetakar hadde flytta ut før me kunne byrja på arbeidet. Det er laga fleire arbeidsgrupper med ungdommar som er med på planlegging og tilrettelegging av den nye fritidsklubben. Det er gjort omfattande arbeid i kjellaren der det var fukt og roteskadar, det er også sett inn radontiltak for å avbøta på høge verdiar. Fritidsklubb på ungdomshuset vart i 2022 tildelt kr. 180.500 til å dekkja lyd og lys i salen og ny kjøkkeninnredning i kjellaren. Det er også søkt om tilskot frå Bufdir for inkludering av barn og unge. Oppstart av ny fritidsklubb er planlagt til august 2023.

Ungdomsrådet i 2022 var Emilie Viveli Tveit (leiar), Joakim Pedersen (nestleiar), Torje Ukvitne, Maren Viveli, Are Dalseide og Matilde Myklatun Hole (1. vara). Etter endring av vedtektene vert ungdomsrådet no valgt for 1 og 2 kalenderår i gongen, med konstituering innan 1. januar kvart år. Ungdomsrådet hadde saman med ungdomsråda for 2021 og 2020 tur til Oslo der dei vitja Stortinget og fekk helsa på Nils Bjørke, Trygve Slagsvold Vedum og hadde møte med Hans-Inge Myrvold. I tillegg var dei på KS og spelte kommunespelet, vitja Nobelsenteret og prøvde zip-line i Holmenkollen.

I Hardanger Ungdomsråd er alle Hardanger-kommunane representerte gjennom lokale ungdomsråd. Emilie V. Tveit var medlem og representerer Eidfjord. Ungdomsrådet fungerer også som styre for fritidsklubben. Hardanger ungdomsting fann i 2022 stad i Ulvik der temaet mellom anna var «Rein Hardangerfjord» og skulefaget som tek for seg rettleiing til vidrae skulegang.



Den kulturelle skulesekken (DKS) er obligatoriske kunst/kulturtilbod for elevane i grunnskulen. Større barnehageborn deltek også. I alt 6 ulike lokale tilbod vart gjennomførte i tillegg til faste turnear og fylkeskonsertar.

Kunstformidling og kino

Galleriet har vore i drift i same omfang som tidlegare. Det var 3 utstillingar sesongen 2022; Tove Sundt Hansen, Hardingpuls med Fjordens pianorama og jubileumsutstillinga. Oppgang i antal besøkande frå 1843 til 3757.

Filmprosjektet “Ein meister med fargar” - informasjonsfilm/dokumentar om Nils Bergslien hadde premiere i Eidfjord kino 2. september 2022 som ein del av markeringa av Galleri N. Bergslien sitt 20 årsjubileum. Filmen vart motteke med stor fagnad, og godt frammøte av publikum under jubileumsmarkeringa. Filmen kasta ljós på Nils Bergslien kunstsinn gjennom intervju av personar med særleg kunnskap om Nils Bergslien sin kunst. Den endelege lengda på filmen er 28 minuttar, og den er tilgjengeleg heile året i galleriet, og via

QR-kode som kan skannast utanfor galleriet og på Bergsliskorane, bustaden etter Nils Bergslie som idag fungerer som kunstnarbustad i Eidfjord kommune. Omlag 140 personar vitja premieren og kinoframsyning under jubileumshelga. Filmen fekk tilskot frå Sparebankstiftinga Hardanger med kr. 70.000,-

Eidfjord kino har tilbod om to filmar tre sundager i månaden. Ein film for vaksne og ein for barn. Kinoen har hatt 70 filmframsyningar i 2022. Antall personer/besøk på kinoen i heile 2022 er på 507 personer, mot 264 personar i 2021.

Kulturskulen

Kulturskulen hadde ved årsskiftet 105 elevplassar fordelt på 63 elevar. Tilbodet har vore instrumentalundervisning, song, dans og drama. Me har 3 elevar på venteliste, men desse har tilbod, og ynskjer fleire om det vert ledig plass.

Ved årsskiftet hadde kulturskulen 6 lærarar tilsett i deltidsstillingar. Ein av desse er innleigd frå nabokommunane. Saman.man med rektor sin stilling utgjer dette 2,91 årsverk.

Rektor har òg vore knytt til drift av kommunen si heimeside, intranett og andre digitale tenester.

I 2022 samarbeidde me med Ulvik og Voss om UKM. Berre to av våre elevar deltok på mønstringa. Elles har elevane delteke på kulturskulen sine egne konsertar.

Kulturskulen har, saman med kulturkontoret, lys- og lydutstyr som kan nyttast av innbyggjarar som vil utøva musikk- og kulturaktivitetar.

Bibliotek og studiesenteret

Etter to år der pandemien har påverka biblioteket i stor grad, er biblioteket på veg tilbake til normalen. Besøket er ikkje heilt på same nivå som 2019, men auka i fjor med over 80% i forhold til 2021; òg utlånstala er på veg opp. Fråvær av smitterestriksjonar har òg opna moglegheit for arrangement i regi av biblioteket. I 2022 arrangerte Eidfjord folkebibliotek 2 arrangement for born og 2 for vaksne, derav to i samband med *Skeivt kulturår*.

Fornyng av biblioteklokala fortsatte i 2022 men vart begrensa til ein ny fototapet i barneavdelinga. og andre deler i tredje etasje starta i 2020. I fjor utlyste fylkeskommunen sin avdeling for bibliotekutvikling arenamidlar; Eidfjord folkebibliotek søkte midlar til ein meirope sjølvbeteningsløyising innanfor kommunehuset si opningstid og oppretting av ein abonnementssteneste for lokale brukarar. Diverre fekk søknaden avslag i Vestland fylkeskommune sitt hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Prosjekta er planlagt å gjennomføra innanfor eksisterande budsjettammer i 2023.

I sommar 2022 gjennomførte Eidfjord folkebibliotek ein storstilt kassering i fagbok- og skjønnlitterær samling for vaksne; total 670 medier vart kasserte.




Foto: Kommunalt bilde - Ny fototapet i biblioteket

Aktiviteten på studiesenteret i Eidfjord har auka i fjor. Lokala vert no brukt dagleg av vaksenopplæringa som har fått ein større omfang grunna busetjing av ukrainske flyktningar. Elles er det framleis Næringshagen i Hardanger, studentar med lokal tilknytting, lag og organisasjonar og ikkje minst kommunale einingar som nyttar lokala.

Klima og berekraft

Eit av fokusområda for arbeidet med klima og berekraft i 2022 var oppfylgjing av handlingsdelen til kommunedelplanen for klima og energi.

I fjor var to tiltak prioritert:

1. Reduksjon av matsvinn og berekraftig matservering
2. Deltaking i KS sitt kommunenettverk for klimatilpassing 2022-23

I samband med det første punktet vart det utført ein fyrste måleperiode av matsvinn i skulekantinen i veke 22 (30.5.-3.6.22). Målet var å få ein peikepinn på kor stor andel av det våtorganiske avfallet frå skule og barnehage er matsvinn. Måleperioden varte berre i ei veke og det kan vera tilfeldige faktorar som har påverka tala og observasjonane; difor skal ein vera forsiktig med å generalisera funna. Men med utgangspunkt i eit totalt matsvinn på 24,76 kg i veke 22 kjem ein på ca. 1 tonn i løpet av året. Gjennomsnitt matmengde per tallerken var ca. 250 gr for skuleelever og ca. 200 gr barnehageborn; med ein gjennomsnittleg matsvinn per gjest på ca. 50 gr, tilsvarar det mellom 20-25% av matproduksjonen. I samband med bygdaheimen sin sertifiseringsprosess som Miljøfyrtårn er det planlagt ein liknande måling i 2023.



Foto: kommunalt bilde - måleperiode 2022

I 2022 deltok Eidfjord kommune aktiv i KS sitt kommunenettverk for klimatilpassing og deltok på 5 digitale og 2 fysiske samlingar. Arbeidet er ein vidareføring av kompetansehevingstiltaket i 2021 og skal bidra i kommunen sitt arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel der klimaendringar og konsekvensane vil vera eit viktig tema. Ved sidan av rådgjevar for klima og berekraft har planavdelinga deltatt aktivt i nettverksarbeidet; Klimarådet var del av den digitale plattformen for nettverket på KS sin Teams og har fylgt arbeidet. Nettverksarbeidet skal fortsetja fram til våren 2023.

Miljøfyrtårnsertifisering av undereiningane har fortsatt i 2022; både skulen og barnehage vart sertifisert i fjor. Målet om å sertifisera dei resterande undereiningar før utgangen av 2022 vart diverre ikkje realisert.

Utover dei ovanfor nemnde tiltaka har Eidfjord kommune saman med Bergen, Kvam, Voss og Vestland fylkeskommune starta prosjektet *Grønt hytteliv på Vestlandet*. Målet er å undersøkje korleis ein kan redusera klimagassutslepp frå hyttelivet. I første del av prosjektet skal det kartleggjast klimafotavtrykket av hyttelivet, og sjå på kva tiltak som kan redusera utsleppa. Deretter skal dei deltakande hyttekommunane testa ut nokon av tiltakene lokalt i samarbeid med relevante aktørar i lokalsamfunnet. Prosjektet har fått klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet og vil foregå i store deler av 2023.

Med bakgrunn i at fleire av tiltaka i handlingsdelen til kommuneplanen for klima og energi frå tidlegare år framleis er pågåande vart det vald å ikkje leggja fram sak om ein rullering av handlingsdelen for 2023 i fjor haust.

I studieåret fortsatte rådgjevaren for klima og berekraft BA-utdanninga i nyskaping og regenerativ utvikling med kurs i Nyskaping 1 ved *Høgskulen for Grøn Utvikling*.

Kulturminne og museum

I kulturminneplanen sin handlingsdelen er det skissert 3 hovudprioriteringar;

1. Fortsetje skjøtsel av Hæreid etter oppsett skjøtelsplan
2. Kulturmiljøet Vik-Lægreid; restaurering av steingard
3. Kulturmiljøet Varberg; utarbeide skjøtselplan i samarbeid med fylkeskommune og grunneigarar.

Det har ikkje vorte arbeida med dette i 2022.

Kulturbygg/ anlegg /idrett, frivillig arbeid og folkehelse

Samarbeidet med Evjo Aktivitetsenter om merking og vedlikehald av turstiar fungerer godt. Me har fortsatt fleire frivillige som tar seg av merking og vedlikehald på nokre av turstiar.

I 2022 var det mogeleg å ta opp att aktivitetar som har vore nede under pandemien. Alle kulturbygg har etter kvart kome i sving att og vore i bruk til faste aktivitetar og tilfeldig utlån.

Våren og hausten 2022 vart det gjennomført to kurs med babysymjing. Grunna storleiken på den delen av bassenget som kan nyttast kan me berre ha små grupper noko som gjer at ikkje alle som ynskte det har fått tilbod.

I 2022 vedtok kommunestyre endra plassering av dagsturhytta, frå Varbergshaugen til Storehei (Randolia). Hytta kom med båt til Eidfjord vinteren 2022 og vart lagra på Soget mellombels. 20. oktober vart hyttemodulane transportert på plass med helikopter. I tida etterpå var Stad Kystbygg på staden og gjorde ferdig hytta. Det gjenstår framleis arbeid inne, ute og med stien før opning.

Næringsutvikling

Generelt har næringslivet i kommunen komme gjennom pandemien dei seinare åra utan at for mange har måtta legge ned verksemdene sine, men det er ikkje tvil om at det har prega aktiviteten i området. Staten har hatt fleire støttepakkar, men desse favnar ikkje om alle og er heller ikkje tilstrekkelige i alle samanhengar. Kommunen har her jobba aktivt med støtteordningar og straumstøtteordninga til lokalt næringsliv vert vedteke i 2022.

SAMLA VURDERING

2022 vart eit spesielt år på eininga der me mangla ein viktig person på laget meste parten av året. Me har samarbeida godt og prøvd å halda drifta på einiga oppe som normalt. Nokon oppgåver har likevel vorte nedprioritert, då me ikkje hadde kapasitet til å gjennomføra dei. Men me har også fått betre innblikk i kvarandre sitt arbeid og veit at me kan bidra i kvarandre sine arbeidsoppgåver om naudsynt.

Me har tre byggeprosjekt der eininga er involvert, alle tre har krevd mykje ressursar og me er ikkje komen så langt som me ønska med mellom anna påbygg på idrettshallen. Men me

lærer mykje av samarbeidet med andre einingar og fag, slik at resultatet forhåpentlegvis vert best mogeleg. Byggeprosjektene slår også ut på ressursbruken på eininga både økonomisk og personell. Både dagsturhytta og påbygg på idrettshallen kvalifiserer til spelemidler, som vil verta ein del av finansieringa og som førebels gjev eit misvisande bilete på forbruk på eininga. Me har også hatt store tidkrevjande prosjekt som jubileumsmarkering av galleriet som har markert Eidfjord som kulturbygd og samstundes sytt for viktig dokumentasjonsarbeid for ettertida.

Eininga er framleis veldig involvert i informasjonarbeidet til kommunen via heimeside, app og sosiale media. Mykje ressursar vert nytta til dette og det går til tider ut over andre oppgåver eininga har ansvar for. Nye krav til universell utforming av netsider har allereie krevd mykje ressursar og vil krevja endå meir i framtida.

Sjølv om året har vore spesielt har me framleis eit godt samarbeid på eininga og god trivsel i 3. etasje.

DRIFT & FORVALTNING

EININGA

Det er fem driftseiningar på Drift & Forvaltning:

- Drift
 - o Kommunale bygningar
 - o Vaktmeisterteneste
 - o Vegar
 - o Anlegg
 - o Parkar og grøntareal
- Reinhold
- VA (vatn og avlaup)
- Brannvern
- Forvaltning
 - o Byggesak
 - o Plan
 - o Kart og oppmåling
 - o Miljø, landbruk, vilt og forureining

Samla årsverk 28,8.

ØKONOMI

Drift & og forvaltning (drift)				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	16 285 114	15 899 748	-385 366	102
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	15 181 538	10 955 190	-4 226 348	139
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	1 445 988	1 285 500	-160 488	112
40-49 Overføringsutgifter	4 009 972	1 873 857	-2 136 115	214
60-69 Sals- og leigeinntekter	-3 930 521	-3 715 100	215 421	106
70-79 Refusjonar	-5 213 475	-2 130 057	3 083 418	245
90-90 Finansieringsinntekter	0	-501 000	-501 000	0
	27 778 617	23 668 138	-4 110 479	117

Drift & og forvaltning VA				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	2 383 260	2 991 916	608 656	80
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	4 419 707	3 060 870	-1 358 837	144
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	2 615 022	185 000	-2 430 022	1 414
40-49 Overføringsutgifter	0	41 000	41 000	0
50-59 Finansieringsutgifter	892 192	0	-892 192	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-17 398 057	-15 098 400	2 299 657	115
	-7 087 876	-8 819 614	-1 731 738	80

Drift & og forvaltning (forvaltning)

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	4 539 708	5 947 904	1 408 196	76
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	2 240 150	1 250 976	-989 174	179
30-39 Tenester som erstatter komm. eigenproduksjon	98 528	483 000	384 472	20
40-49 Overføringsutgifter	601 786	544 900	-56 886	110
50-59 Finansieringsutgifter	73 637	73 637	0	100
60-69 Sals- og leigeinntekter	-2 415 534	-1 973 200	442 334	122
70-79 Refusjonar	-824 956	-1 234 900	-409 944	67
80-89 Overføringsinntekter	-73 637	-73 637	0	100
90-90 Finansieringsinntekter	-226 876	-226 876	0	100
	4 012 806	4 791 804	778 998	84

TENESTEPRODUKSJON

Drift

Det er dessverre eit overforbruk på drifta som er for stort. Årsakene til dette knytter seg til fleire forhold, men dei viktigaste er:

- Høgare straumutgifter
- Auka prisar på varer og tenester
- Auka drivstoffprisar
- Høgare utgifter enn budsjettert på vedlikehald av køyretøy
- Fleire brannuttrykningar enn me har hatt tidlegare
- Utgifter knytt til skjøtsel av grøntanlegg sentrum

Me merkar godt at det har vore stor prisauke i 2022. Det kjem på alle varer og tenester som me kjøper. Me merkar godt innleigde tenester har auka prisnivået det siste året i takt med prisutviklinga. Inntektene har ikkje auka i takt med dette. Rammene for inntektene vert stort sett lagt som politisk vedtak for budsjettåret og er lite me kan påverka.

Reinhald

På reinhald har det fortsatt vore større utgifter knytt til koronapandemien. Naudsynt forbruksmateriell som bl.a eingongshanskar, tørkepapir, kjemikalier har auka kraftig i pris. Det har også vore større sjukefråvær på reinhald og det har vorte satt inn ekstra ressursar. Det vart og kjøpt inn ei ny ergonomisk gulvvaskemaskin som var betre tilpassa bruken. Ved meir og riktig bruk av maskiner håpar me å få ned sjukefråværet.

VA

På vatn og avlaup har det vore høgare driftsutgifter enn budsjettert. Sjølv med høgare inntekter på gebyr enn budsjettert er det store meirutgifter som gjer eit totalt negativt avvik på om lag 1,7 millionar. Budsjettposten Tenester som erstatter komm. eigenproduksjon, er ein del underbudsjettert og me ser og stor auke i utgifter på den posten. Dette gjeld i all hovudsak slamtømming frå reinseanlegg. Straumen vert og dyrare, noko ein kan sjå att på utgiftene ved blant anna vass- og spillvassleidningar med varmekablar i fjellet.

Meirutgifter knytt til budsjett i 2022:

- Auka straumutgifter på 0,85 millionar i høve budsjetterte midlar.
- Auka utgifter til slamhenting på om lag 2,2 millionar.

Arbeida med Sysendalen reinseanlegg har gått vidare i heile 2022. Det har vore gjennomført synfaring for å hausta erfaringar på 5 ulike reinseanlegg. Det har og føregått kartlegging av resepiant og avlaupsvatn som grunnlag for vidare arbeid utsleppssøknad.

Forvaltning

Forvaltning har i 2022 hatt ein auke i samla forbruk på 39 % samanlikna med året før. Det samla forbruket er likevel 84 % av budsjetterte midlar for budsjettåret 2022. Avdelinga har tidlegare hatt tre årsverk med juridisk kompetanse som alle slutta fyrste halvår i 2022. Det har derfor vore behov for å hente inn ekstern juridisk bistand, som utgjer ein betydeleg kostnad.

Tenesta KOMTEK har vore kjøpt inn frå Norkart og det har generelt vore ein prisvekst på deira tenester. Innleigde konsulentar har vore nytta i mykje mindre grad enn det som vart budsjettert. Avdelinga sine to stillingar på byggjesak vart vakante i starten av 2022 og det vart innleigd ekstern konsulent for å utføra denne tenesta fram til rekruttering og opplæring av nyttilsette var gjennomført. Desse stillingane er no fylt og avtalen med eksternt konsultentselskap er avslutta. Den samla erfaringa med dette er at innleigde konsulentar på byggjesak som ikkje har fast kontorstad i Eidfjord ikkje er heldig.

Samanlikna med fjoråret har det vore ein nedgang i inntekt med fakturerbart arbeid knytt til sakshandsaminga. Det har vore nedgang i nye innkomne byggjesaker i kommunen i 2022 som kan sjåast i samanheng med blant anna renteauke, verdsbiletet, straum og drivstoffprisar. Sakshandsaminga på byggjesak har i stor grad vore ferdigstilling av tidlegare omsøkte tiltak. Det har likevel vore ein høgare inntekt her enn det som vart budsjettert for 2022.



Tussafoten

Samla for D&F

Årsverk

D&F har i slutten av 2022 44 tilsette fordelt på dei fem einingane. Det er 28,82 årsverk knytt til desse stillingane.

- Reinhald
Årsverk: 5,6

- Brann
Årsverk: 0,34 fordelt på 17 brannmannskap
0,25 på lokal brannvernkoordinator
- Drift
Årsverk: 13,2
- Forvaltning
Årsverk: 6,0
- Vatn og avlaup
Årsverk: 3,43

Det har i 2022 vore tilsett:

- 1 planrådgjevar
- 1 rådgjevar Miljø, landbruk, vilt og forureining
- 2 byggesakshandsamarar
- 1 sakshandsamar VA
- 2 brannkonstablar
- 1 sesongarbeider på drift

Miljø

Arbeidet med å få ned straumforbruk i kommunale bygningar fortset. Det har i 2022 vore gjennomført fleire tiltak for å betre miljøet. Eit av desse har vore å skifta ut deler av utstyr frå bensindrift til batteridrift. Dette gjeld småmaskiner som motorsager, kantklipparar og andre småverktøy. Det er gode erfaringar med dette. I tillegg til å få ned bensinforbruket er det og mindre støy og vibrasjonar frå utstyret som er bra for arbeidsmiljøet. Mindre støy er og positivt for nærmiljøet. Me ynskjer å fortsetja med å skifta ut til batteridrift ikkje berre på småmaskiner men og større maskiner, slik som grasklipparar.

Det har ikkje vorte kjøpt nokon nye køyretøy på eininga i 2022. Fleire av køyretøya er gamle, har høge driftsutgifter og er modne for utskifting. Det vart køyrt totalt 120.012 km i løpet av året. Dette er noko meir enn tidlegare år og skuldast nok mindre køyring enn vanleg i pandemitida. 5,7 % av køyrde km er utført med nullutsleppskøyretøy.

HMT

Sjukefråværet er dessverre ikkje så lågt som me hadde målsetningar om. Sjukefråværet varierer særskilt mykje mellom dei ulike driftseiningane. Arbeidet med å få ned sjukefråværet der dette er høgast må fortsetja også i 2023. Det har ikkje vore alvorlege ulykker på D&F i 2022. Det har vore lettare å gjennomføra kurs og opplæring når det ikkje er nokon restriksjonar knytt til pandemi lengre. Arbeid med HMT er noko som ein ikkje vert ferdig med og må jobbast med heile året, også inn i 2023.

PROSJEKTARBEID

Det har ikkje vore store byggeprosjekt i 2022. Det har likevel vore mange mindre prosjekt i tillegg til vanleg drift og nokre av dei er opplista under:

- VA anlegg Lægreidsvegen opp til gamlekyrkja
- Slutføring pumpeledning i Kyrkjevegen
- Forarbeid til dagsturhytta
- Oppussing Evjevegen 12 og 14
- Arbeid i og rundt ungdomshuset
- Planverk knytt til Tussafoten
- Tilsyn mindre avlaupsanlegg
- Nedgravd avfallsløysing sentrum

- Oppussing av utleigebustad, Solbakken 3A
- Oppgradering el.anlegg på Samfunnshuset
- Slutføring gangveg B2 brekko
- Slutføring KDP for naturmangfald
- Utarbeida bestandsmål for hjortevilt
- Lokal forskrift for jakt på rådyr

HELSE OG OMSORG (NAV SOSIALE TENESTER)

Sosialavdelinga består av sosialeiar i 100% stilling, og ein flyktningkoordinator i 100% stilling.

ØKONOMI

Sosiale tenester				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	1 855 341	1 296 848	-558 493	143
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	399 388	278 800	-120 588	143
30-39 Tenester som erstattar komm.eigenproduksjon	1 767 926	910 000	-857 926	194
40-49 Overføringsutgifter	1 203 641	540 775	-662 866	223
50-59 Finansieringsutgifter	-33 546	15 000	48 546	-224
60-69 Sals- og leigeinntekter	-36 300	-5 000	31 300	726
70-79 Refusjonar	-792 609	-37 775	754 834	2 098
90-90 Finansieringsinntekter	0	-15 000	-15 000	0
	4 363 841	2 983 648	-1 380 193	146

Rekneskapet syner at ein ikkje held seg innanfor budsjetttramma. Tenesteproduksjonen på sosialavdelinga inneheld lovpålagte tenester og forbruk. Tenesteomfanget og forbruk vil variere frå år til år. I 2022 har sosialavdelinga hatt en auke i utgifter knytte til flyktningssituasjonen, utan at budsjetttramma er auka. Barnevernsreforma gir kommunane meir fagleg og økonomisk ansvar for barnevernstenesta. Disse faktorane har bidrege til at rekneskapet ikkje har helde seg innanfor budsjetttramma.

TENESTEPRODUKSJON

Sosialavdelinga består av sosialeiar i 100% stilling, og ei flyktningkoordinator i 100% stilling. Sosialavdelinga er organisatorisk lagt til NAV-kontoret i Eidfjord. Det er en todelt leining ved NAV-kontoret i samsvar med gjeldande partnarskapsavtale mellom stat og kommune. Statleg del har ein full stilling lokalisert i NAV Eidfjord. Leiaransvaret for den statlege tilsette held til på NAV Voss.

I 2022 har sosialtenesta tildelt stønader og tenester til brukarar etter sosialtenestelova. Sosialavdelinga har ytt økonomisk sosialhjelp, utdelt sosiallån, og gitt økonomisk gjeldsrådgiving til ulike tenestemottakarar.

Sosialeiar er leiar og ansvarleg for kommunens flyktningteneste.

Sosialleiar er ansvarleg for oppfølging og rapportering av Husbankens bustøttesystem. Sosialleiar har frå 13. oktober 2021 også mottatt delt saksbehandlingsansvar for kommunale startlån. Følgande er saksbehandling av parkeringsløyve for forflyttingshemma og vurdering og tildeling av følgekort underlagt stillinga.

Sosialleiar deltar i førebyggjande og tverrfagleg arbeid i kommunen. Dette inkluderer fast deltaking i oppvekstgruppa, som er ei tverrfagleg gruppe som arbeider med førebyggjande arbeid knytt opp mot barn og unge i kommunen. Sosialleiar deltar også som medlem i kommunen sitt psykososiale kriseteam. Andre kommunale arbeidsoppgåver som å utforme søknader om midlar og annan brukarrådgiving til tenestemottakarar i kommunen, er naturleg innarbeidd i stillinga. Sosialleiar er leiar for arbeidsgruppa som skrivar plan om førebygging i Eidfjord kommune.

Helse og omsorg

Innanfor dette området har sosialleiar eit saksbehandlingsansvar for barn og unge med særskilte behov (til fylte 18 år). Saksbehandlinga har vorte gjennomført etter lov om kommunale helse- og omsorgstenestelova. Under ansvarsområdet er deltaking i ansvarsgruppemøter og vurderingar og saksbehandling knytt til avlastningstiltak. Sakshandsaming rundt tildeling av omsorgsstønad, støttekontakt- og fritidskontaktordninga er også underlagt sosialleiar sitt ansvarsområde.

Rus- og psykiatritenestene

Sosialleiar har samarbeid med psykiatrisk sjukepleier gjennom Eidfjord kommune sin oppdeling av rus- og psykiatritenester.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta skal gjennom avtale med IMDi planleggja og leggja til rette for busetting av flyktingar, og hjelpa flyktingane med å etablera seg i eigen bustad. Flyktingtenesta skal hjelpa og rettleia flyktingar som vert busett i Eidfjord. Flyktingtenesta har ansvar for å planlegga, koordinera og gjennomføra introduksjonsprogrammet. Flyktingtenesta skal følgja opp den einskilde programdeltakaren i Introduksjonsprogrammet.

Barnevern

Barnevernstenestene er underlagt avtale om vertskommunemodell og blir drifta av Hardanger barnevern, med hovudkontor i Odda. Sosialleiar har tilvisingsmynde for utbetaling

og overordna budsjettrapportering til Rådmann innan barnevernstiltak. Rådmann deltar på styringsmøter.

Tenesta si påverking av koronapandemien

Per dags dato (09.03.2023) er samfunnet opna og drifta blir ikkje nemneverdig påverka av covid-19.

SAMLA VURDERING

Det er kort saksbehandlingstid innan dei ulike sosiale tenesteytingane i kommunen. NAV sin nasjonale brukerundersøking for 2021 viser at tilfredsheita med NAV er tilbake på same nivå som før pandemien på landsbasis. Andelen av brukara som fornøgd med NAV er på 76 prosent, tilsvarande tall for arbeidsgjevarar er på 82 prosent (NAV sin brukerundersøking, 2021). Det er ikkje blitt gjennomført brukerundersøking lokalt for NAV Eidfjord dei siste åra.

PLEIE- OG OMSORG

Pleie og omsorg omfattar 5 avdelingsleiarar som deltek i pleie/arbeid i tenesta dei er leiar for. Pleie- og omsorg driftar sjukeheimen med 20 sjukeheimsplassar samt heimetenestene. Totalt antal årsverk dei er leiarar for er 37,05. Prosjektleiar Leve hele livet er og knytt til PLO, denne stillinga er finansiert av tilskot.

ØKONOMI

Pleie og omsorg				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	34 029 204	32 395 457	-1 633 747	105
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	6 056 987	3 586 473	-2 470 514	169
30-39 Tenester som erstattar komm.eigenproduksjon	2 716 906	2 008 000	-708 906	135
40-49 Overføringsutgifter	662 774	471 575	-191 199	141
50-59 Finansieringsutgifter	245 457	5 400	-240 057	4 546
60-69 Sals- og leigeinntekter	-2 862 968	-3 180 000	-317 032	90
70-79 Refusjonar	-3 821 517	-676 575	3 144 942	565
80-89 Overføringsinntekter	-5 400	-5 400	0	100
90-90 Finansieringsinntekter	-323 110	-335 975	-12 865	96
	36 698 333	34 268 955	-2 429 378	107

Pleie- og omsorgstenesta dreiv i 2022 me kr 2,4 mill over budsjett, det er generelt overforbruk på alle postar. Lønn til vikar ved sjukdom utgjer 1,2 mill av lønnsutgiftene. Det er brukt 2,4 mill på vikartenester, dette er utgifter som viser i post 10 -29. Når det gjeld post 30-39 skuldast overforbruket auka kostnad i samband med ny avtale med vertskommune. Det er 3,1 mill meir i refusjon enn budsjettet, og utan dette hadde avviket vore betydeleg høgare

Sjukefråværet i 2022 var totalt 14,46%.

TENESTEPRODUKSJON

Om tenesteproduksjon på sjukeheimen i 2022.

2022 har stort sett vore eit rolegare år på sjukeheimen enn året før, det svingar mykje i ei så lita teneste. Antal liggedøgn på korttidsopphald var 490, dette var fordelt på 30 tenester/opphald. Nokre av desse opphalda er gått over i langtidsopphald. Det var 19 registrerte langtidsopphald dette året, det har vore eit fråfall på 8 personar i 2022.

Dementavdelinga har stort sett hatt fult belegg, denne avdelinga er eit svært godt tilbod for dei som treng det.

Me merkar framleis godt at sjukehusa er snarare til å skriva ut pasientar til kommunale tenester no. Det er oftare kompliserte medisinske behandlingsopplegg som skal løysast av kommunale tenester.

Om tenesteproduksjon i heimetenestene.

Det er framleis låg terskel på dagtilbodet. Å førebyggja sosial isolasjon ver ein viktig del av det førebyggjande arbeidet blant eldre heimebuande.

Heimesjukepleia har hatt totalt 49 brukarar dette året, om lag 32-34 faste. I tillegg har det vore 7-8 oppdrag i kvartalet som har gått over 2 -14 dagar

33 brukarar har hatt vedtak om tenesta medisinhandtering/hjelp med tillaging av dosett /multidose.

34-36 brukarar har hatt vedtak på trygggleiksalarm

23 brukarar har hatt vedtak på matombringning.

25 brukarar har vedtak om praktisk bistand (heimehjelp)

Om tenesteproduksjon Eroterapi

Ergoterapeut er pr dags dato organisert under PLO, det er tilsett 50% ergoterapeut.

Ergoterapeut har totalt hatt ca 50 brukarar i 2022. Det er 136 aktive brukarar tilknytt Eidfjord kommune via NAV Hjelpemiddelsentral.

Koordinerende eining.

Alle kommunar skal ha koordinerende eining. Koordinerende eining er eit kontaktpunkt for samarbeid internt og eksernt. Eininga skal kunna gje informasjon til brukara og pasientar som har behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering eller rehabilitering. I plan for habilitering og rehabilitering er funksjonen lagt til ergoterapeut.

Koordinerende eining er ikkje operativ i Eidfjord kommune pr 2022.

Utviklingsoppgåver

Ansvar, funksjon og roller

Eininga Helse og omsorg omfamnar eit breidt spekter av tenester, NAV sosial er og organisert i denne eininga. Eininga har såleis komplekse ansvarsområde og store leiarspenn. Det er i 2022 arbeidd med å konkretisere ansvar- funksjon og roller til dei ulike leiarnivåa helse- og omsorg. Dette har resultert i årshjul og det vert vidare jobba med å implementere dette i drift.

Digitalisering og smart teknologi.

Digitalisering handlar om å bruke teknologi for å fornye, forenkle og forbetre. Gjennom *Felle plan og rammeverk* er det sett mål om at alle kommunar skal ta i bruk Kjernejournal i sjukeheim og heimetenester, DigiHelse og DigiHelsestasjon innan 2025. Eidfjord kommune har frå haugen 2022 delteke i 3 felles innføringsløp i regi av DigiVestland, DigiRogaland og KS e-komp.

I mai/ juni vart det kjøpt nye digitale trygggleiksalarmer. Desse alarmane er mobile og har GPS. Ein trygggleiksalarm bidreg til at brukaren kan få naudsynt hjelp ved behov. Det er no personale i heimesjukepleien / Bygdaheimen som tek i mot alarmane, tidlegare gjekk dei til eit responscenter i Nordland.

Læringsnettverk

Pleie og omsorg deltek i fleire læringsnettverk:

Gode pasientforløp er eit nasjonalt nettverk over 18 månader og handlar om betre overgangar i pasientforløp mellom sjukehus og internt i kommunen. Skal sikre at brukarar møter heilskaplege, koordinerte og trygge tenester. Sentralt i dette arbeidet er spørsmålet «kva er viktig for deg». Fire tilsette deltek i dette nettverket

Demensforløp er ein nasjonalt nettverk over 18 mnd der det er fokus på implementere gode demensforløp for personar med demens og deira pårørande. Arbeidet skal sikre systematisk oppfølging ved å utarbeide retningslinjer for HUK-teamet (hukommelses teamet) Fire tilsette deltek i dette nettverket

VIPS

VIPS praksismodell (VPM) er ein metode for å implementere personsentrert omsorg i kommunehelsetenesta. Eidfjord kommune har to tilsette som har VPM kurshaldarkurs. Dei tilsette skal gje vidare opplæring i VPM basiskurs til sjukepleiarar og helsefagarbeidarar på sjukeheimen. 17 personar skal få opplæring. VIPS praksismodell (VPM) er ein metode for å implementere personsentrert omsorg i kommunehelsetenesta. Navet i VPM er eit vekentleg, strukturert fagmøte som løfter fram tenestemottakar sitt perspektiv, og involverer hele personalgruppa. Slik blir personsentrert omsorg innarbeidd i daglege rutinar på Middagsnuten.

Heltidskultur

Eidfjord kommune er ein liten utkantkommune som er avhengig av å rigge seg for framtida for å rekruttere, behalde og utvikle helsepersonell. I samband med dette er det hausten 2022 sett i gang ein prosessen for å legge om til arbeidstidsplanlegging som fremjar heiltidskultur og er helsefremjande og forsvarleg jf. AML § 1-1 og § 4-1. Det er opplæring, lov og avtaleverk som fremjar heiltidskultur. I prosessen skal det det inngå leiarutvikling der ein utforskar konsekvensane av tilsetnings- og arbeidstidspraksis som ligg føre i dag samt avklare kva leiings- og endringsprosessar som må verdsetjast for at kommunen skal få på plass ein praksis som i framtida i større grad enn i dag vil fremje heiltidskultur, robuste fagmiljø, kontinuitet og stabilitet. Det er løyvd OU- midlar frå KS og frå Eidfjord formannskap til denne jobben. Vidare vert det i 2023 søkt om midlar frå Statsforvaltaren.

Prosjekt

Eidfjord kommune har sidan mars 2021 hatt samarbeid med Ulvik Herad om prosjektleiar der 80% av stillinga er knytt til Ulvik og 20% til Eidfjord. Arbeidet er å søkje tilskot innan helse og omsorg, fylgje opp og rapportere. Stillinga er finansiert av tilskota det vert søkt om. Stillinga føl opp E-helse Vestland, samt leve hele livet reforma. Temaplan for Leve hele livet vart vedteken i kommunestyret i 2022. Sjå vedlegg for årsrapport for desse prosjekta.

Miljøfyrtårn

Bygdaheimen er i gang med arbeidet for å verta sertifisert

Sansehage

Det utarbeidd teikningar over ny sansehage. I 2023 er det planlagt synfaring med Smedvig før det vert jobba vidare med tilbodsgrunnlag som skal leggjast fram for Kommuestyret for løyving av midlar. Deretter skal tilbodsgrunnlaget leggjast ut på anbod. Forventa byggjeart hausten 2023.

SAMLA VURDERING

- Pleie og omsorgstenesta nytta godt over løyvd budsjett i 2022.
- Skriftleg sakshandsaming ikkje overskride 14 dagar og iverksetjingstida er sjeldan meir enn eit par dagar – om naudsynt same dag som behovet vert meldt.
- Møter i samarbeidsutvalet er kome i gang att i løpet av 2022 etter å ha vore sett på «vent» i coronapandemien.
- Det er utført medarbeidarsamtale med dei fleste tilsette i meir enn 20% stilling i 2022.
- Sjukefråværet ved pleie- og omsorg har vore høgare enn målsettinga.
- Det vert utført jamlege møter: personalmøte, møter med tillitsvalde og verneombod, driftsmøter, tenestemøter, sjukepleiarmøter og nattevaktsmøter
- Det er utført klageundersøking og kartlegging av arbeidsmiljøet
- Bedriftshelse1 har bistått med opplæring i ergonomi/forflytting, avvik og sjukefråvær - rettar, plikter og oppfølging

KOSTRA

Kostra (Kommune-Stat-Rapportering) er ei rapportering til staten/ SSB. Me har nytta oss av foreløpige Kostra tal frå 15. mars, og enkelte feilrapporteringar kan førekoma. Endelege kostratal for 2022 vert ikkje publisert før juni 2023.

Eidfjord kommune tilhøyrrer gruppe 17 i kostrarapporteringa. Dette er ei gruppe kommunar som er kjenneteikna av dei 10 kommunane i landet som har høgast frie inntekter pr. innbyggjar.

UTVALDE KOSTRATAL

		Eidfjord		Gruppe 17 2021
		2022	2021	
Barnehage				
Antall barn korrigert for alder per årsverk	antall	5,7	4,7	4,9
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	prosent	39,1	16,2	39,6
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år	kr	242 435	246 037	244 060
Grunnskule				
Elevar som får spesialundervisning	prosent	5,4	9,7	9,1
Gruppestørrelse 2	antall	8,1	8	11,1
Netto driftsutgifter , per innbygger 6-15 år	kr	273 808	274 087	212 369
Helse- og omsorgstenester				
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger	Kr	65 857	68 775	58 254
Utgifter per oppholdsdøgn	Kr	9 988	7 503	5 911
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	årsverk	31,2	32,8	19,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	årsverk	18,7	15,3	13,4
Avtalte årsverk i helsestasjon og skulehelseteneste				
Per 10 000 innbyggere	årsverk	51,8	52,3	66,9
Kultur / Barne- og ungdomstiltak				
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger	Kr	13 755	13 284	9 670
Besøk per kinoforestilling (antall)1	antall	7,2	8,0	14,9
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole	prosent	55,1	55,9	32,0
Barnevern				
Netto driftsutgifter til barnevern per innbygger 0-17 år	kr	10 796	10 932	11 917
Plan,byggesak og miljø				
Behandla byggesøknadar med 12 vekers frist	antall	18	62	
Behandla byggesøknadar med 3 vekers frist		67	63	
Gjennomsnitt. saksbeh. for byggesaker med 3 ukers frist	dager	8	9	20
Gjennomsnitt. Saksbeh. for byggesaker med 12 ukers frist	dager	17	14	44

Til kommunestyret i Eidfjord kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Eidfjord kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 46 245 136. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Rådmann er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga.

Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å

rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Rådmann sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmann er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmann er også ansvarleg for slik internkontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av Rådmann, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og Rådmann, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i internkontroll som vi avdekkjer i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Eidfjord kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Rådmann sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Rådmann er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal Rådmann forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av

sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Isdalstø, 17. april 2023

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker

Revisjonssjef/statsautorisert revisor

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker

Revisjonssjef/statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2023-04-17 20:01:04 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



RAPPORT OM ÅRSREKNESKAPEN 2022, NR 3

Eidfjord Kommune

Innleiing

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2022. Vårt arbeid er utført med heimel i Kommuneloven kapittel 24 som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Kommuneloven § 24-2 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil.

Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og omfattar mellom anna stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

Uavhengig melding frå revisor er for 2022 ei normal uttale utan merknader. Det inneber at revisjonen ikkje har avdekka og påvist vesentlege feil og manglar i årsrekneskapen eller i kommunen si øvrige rapportering. Vi har ved våre testar av kontrollar og vurdering av kommunen sitt interne kontrollsystem ikkje avdekt svakheiter av vesentleg omfang.

Med vesentlege feil og manglar i årsrekneskapen meinast feil og manglar som ville kunne påverke brukarane av rekneskapen si oppfatning og vurdering av den økonomiske rapporteringa. Med vesentlege manglar i kommunen sitt interne kontrollsystem, meinast vesentlege feil og manglar som ikkje blir løpande avdekt av administrasjonen sine eigne rutinar og system.

Vi har for 2022 avlagt ei normal uttale utan merknader, og det er generelt lite feil og manglar i rekneskapen. Det er nokre få tilhøve vi vurderer som forbettringsområde og ønskjer å sette fokus på. Det blir gjort i denne rapporten som oppsummerar nokre av tilhøva som følgjer av vår revisjonsgjennomgang dette året. Vi vil også vise til forenkla etterlevingskontroll for 2022 som blir sendt til kontrollutvalet innan 30. juni 2023.

Økonomireglement

Frå 1. januar 2020 vart alle kommunar pålagt å ha eit økonomireglement jf kommuneloven § 14-2, men kommuneloven seier ikkje noko nærare om krav til økonomireglementet sitt innhald eller form. Med økonomiregelverk meines tildeling av mynde i økonomiprosessane, frå oppstilling av årsbudsjettet til godkjenning av fakturaer i rekneskapssystemet. Økonomireglementet utfyller økonomibestemmingane i kommuneloven med forskrifter, og tilpassas kommunen. Sentrale tema i eit økonomireglement er eksempelvis interne reglar som bidreg til god økonomistyring og måloppnåing, forsvarleg og effektiv økonomiforvalting, regeletterleving og eit godt beslutningsgrunnlag for politikarane. Eidfjord kommune har ikkje vedteke eit økonomireglement, og vi rår til å få dette på plass i 2023.

Budsjett

Det er nokre differansar mellom politisk vedteke budsjett og tal for opprinneleg budsjett i oppstillinga etter § 5-6 i rekneskapen. Differansane er opplyst å utelukkande vere i rekneskapsdokumentet, slik at oppfølging og rapportering gjennom året har skjedd på bakgrunn av vedteke budsjett.

Likvidar utanfor rekneskapen

Vi er blitt merksame på tre bankkonti der kommunen står som eigar av bankkontoen, men kontoane er ikkje ført opp i balansen og er følgjeleg ikkje med i rekneskapen for 2022. Likvidar utanfor rekneskapen gir svakare internkontroll og medfører såleis risiko for feil. Vi rår til at kommunen vurderer rutinane på dette i 2023, og enten inkluderer desse kontoane i rekneskapen, eller at kommunen ikkje er eigar av desse velferdskassane.

Uteståande fordringar og avsetjing til tap på krav

Det har historisk ikkje vore rutine i kommunen å sette av for tap relatert til uteståande kundefordringar, og dette er heller ikkje gjort i 2022. Vi rår til at det blir gjort ein konkret vurdering av uteståande krav med tilhøyrande tapsvurdering for rekneskapen 2023. Pr 31.12.22 er det nokre få gamle postar som etter vår vurdering burde vore avsett til tap på krav, dette utgjer om lag 250 000 kroner. Dette er ikkje ein vesentleg feil for rekneskapen i 2022.

Bundne fond

Det er nokre fond der det ikkje har vore rørsle siste år. Vi rår til ein gjennomgang av bundne fond, med fokus på dei fonda utan føringar dei siste åra. Ved gjennomgangen bør ein vurdere aktualiteten til dei ulike fonda og sjå etter om midlar eventuelt må vurderast tilbakeført.

Rekneskapsdokument

I rekneskapsdokumentet er det ikkje inkludert notehenvisningar. Etter Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., § 5-15 skal det i oppstillingane i årsrekneskapen så langt som mogleg bli gjeve henvisningar frå rekneskapspostar til tilhøyrande note. For seinare års rekneskap bør kommunen inkludere notehenvisningar i oppstillingane.

Avsluttande kommentarar

Kommunen har for 2022 levert eit fullstendig rekneskap i høve til oppstillingar og informasjon i notar etter krava i kommunelov og forskrift. Rekneskapen og årsmelding vart levert rettidig etter lovkrav. Vår revisjon har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar knytt til rekneskapen for 2022.

Generelt og overordna er rekneskapen ryddig, godt dokumentert og her er få feil.

Våre spørsmål undervegs i revisjonsprosessen har blitt raskt avklart. Dette bidreg til at vi får gjennomført og avslutta revisjonsarbeidet innan lovpålagt frist.

Vi takkar for eit godt samarbeid!

Med venleg helsing,
Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
Revisjonssjef/statsautorisert revisor

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker

Revisjonssjef/statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2023-05-16 11:44:40 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i


Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

ØKONOMISKE FULLMAKTER

Forenkla etterlevingskontroll 2022

Eidfjord kommune



16.05.2023

Oppgave, føremål og bakgrunn

Etter kommunelova § 24-9 skal kommunen sin rekneskapsrevisor utføre ein forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga. Føremålet er å sjå etter om økonomiforvaltinga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar. Val av område for forenkla etterlevingskontroll skal skje med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal identifisere aktuelle område for forenkla etterlevingskontroll. Vidare blir risikoen ved dei aktuelle områda vurdert. Vurdering av risiko er samansett av to element, konsekvens dersom risikofaktoren inntreff og sannsynet for at det skjer. Revisor skal seinast 30.6. gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet og kommunedirektøren og resultatet av kontrollen.

Risiko og vesentlegvurdering – val av tema for 2022

Revisjonen gjennomfører jamleg risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si samla verksemd, både i samband med forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. Med bakgrunn i denne kunnskapen og vår kjennskap til kommunane er det gjennomført ei særskilt risiko- og vesentlegvurdering knytt til forenkla etterlevingskontroll. Basert på denne har vi for 2022 vald økonomiske fullmakter som tema.

Økonomiske fullmakter som tema femner om delegasjon frå kommunedirektør til organisasjonen, tildeling og vedlikehald av tilgangar samt opplæring og kunnskap knytt til utøving. Det er vår vurdering at dette er sentrale element i- og eit godt utgangspunkt for internkontroll knytt til inngåande faktura og utøving av økonomiske fullmakter.

Problemstillingar og vurderingskriterier

Overordna problemstilling: Har Eidfjord kommune ein tryggjande internkontroll knytt til økonomiske fullmakter og inngåande faktura?

Vurderingskriterier

Etter kommuneloven § 25-1 er kommunedirektøren ansvarleg for kommunen sin internkontroll. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa kommunen sin storleik, eigenart, aktivitet og risikoforhold.

Budsjettansvar og rett til å tilvise kostnader vert ofte delegert frå kommunedirektør til einingsleiarar i kommunen. Denne delegasjonen bør vere dokumentert på ein slik måte at omfanget er klart definert. Vidare bør det vere samsvar mellom delegasjonar gjort frå kommunedirektør og nedover i organisasjonen og tilvisingsrett i økonomisystemet. For den som sit med budsjettansvaret er det sentralt at ikkje andre har moglegheit til å tilvise kostnader innanfor budsjettområdet

For å sikre at det er samsvar mellom fullmakter og tilvisingsrett bør ansvaret for vedlikehald av rettigheiter i økonomisystemet vere definert og plassert. Slik kan ein til dømes hindre at tilsette som sluttar i kommunen eller endrar stilling framleis har tilgangar i økonomisystemet. Vidare bør det føreliggje rutine for systematisk gjennomgang av rollar og tilgangar for å kvalitetssikre og sikre heilskapen i desse og slik redusere risikoen.

Tilsette med økonomiske fullmakter og rett til å tilvise kostnader i økonomisystemet bør få opplæring for å sikre tilstrekkeleg kompetanse knytt til utøving av oppgåver og ansvar.

- Delegasjon frå kommunedirektør til andre i organisasjonen bør vere dokumentert og det bør vere samsvar mellom delegasjonar og tilvisingsrett i økonomisystem.
- Ansvar for tildeling og vedlikehald av rollar og tilgangar i økonomisystem bør vere definert og plassert og det bør føreliggje rutine for tildeling og systematisk gjennomgang av rollar og tilgangar.
- Tilsette med økonomiske fullmakter bør få opplæring for å sikre tilstrekkeleg kompetanse knytt til utøving av oppgåver og ansvar.

Tilnærming og gjennomføring

Vi har bedt om å få tilsendt dokument og rutinar knytt til økonomiske fullmakter og tilvising og oversikt over tilvisarar i økonomisystemet. Vi har også gjennomført ei spørjeundersøking blant dei som tilviser i kommunen. Basert på liste frå kommunen er undersøkinga sendt til sju tilsette, fire av desse har svara.

Undersøkt problemstilling – har Eidfjord kommune ein tryggjande internkontroll knytt til økonomiske fullmakter

Delegasjon frå kommunedirektør til andre i organisasjonen bør vere dokumentert og det bør vere samsvar mellom delegasjonar og tilvisingsrett i økonomisystemet.

Kommunen har eit todelt delegeringsreglement. Del 1 regulerer delegasjon frå kommunestyre til formannskap, administrasjonsutval, ordførar og rådmann. Det er gitt løyve til vidaredelegasjon frå rådmannen i dette reglementet. Del 2 av delegeringsreglementet består av KF sitt digitale verktøy for delegasjonsreglement og regulerer mynde etter ulike særlovar.

Det føreligg eit delegeringsreglement som regulerer delegasjon til formannskap, administrasjonsutval, ordførar og rådmann. Her framgår rådmannen si mynde og det er moglegheit for interndelegasjon.

Vi har mottatt skriftleg interndelegasjon for fleirtalet av tilvisarar i økonomisystemet. I spørjeundersøkinga svarar 50 % at dei har mottatt skriftleg delegasjon i løpet av dei siste tre åra, og 50 % at dei har mottatt skriftleg delegasjon som er eldre enn dette.

Oversikta frå økonomisystemet viser nokre personar med tilvisingsrett ut over dei som framgår av lista vi fekk frå kommunen i samband med spørjeundersøkinga. Vi har også mottatt eit organisasjonskart med påførte tilvisarar og attestantar. Det er nokre differansar mellom denne oversikta og økonomisystemet ved at attestantar i følge skjema er registrert som tilvisarar i Agresso

Ansvar for tildeling og vedlikehald av rollar og tilgangar i økonomisystem bør vere definert og plassert og det bør føreliggje rutine for tildeling og systematisk gjennomgang av rollar og tilgangar.

Vi har ikkje mottatt skriftleg rutinedokument, men ei skildring av gjeldande praksis på området.

Økonomisjef er ansvarleg for tildeling, oversikt og vedlikehald av rollar og tilgangar i Agresso. Tildeling skjer på bakgrunn av delegert tilvisingsmynde. Ved avslutning av arbeidstilhøve vert tilgangen i Agresso sletta.

Vi har ikkje mottatt skildring av rutine for systematisk gjennomgang av tilgangar.

Tilsette med økonomiske fullmakter bør oppleve tilstrekkeleg opplæring for å sikre tilstrekkeleg kompetanse knytt til utøving av oppgaver og ansvar

Økonomiavdelinga gjennomfører opplæring for nye tilsette som skal attestere eller tilvise, og det er utarbeidd eit skriftleg skjema som vert nytta i samband med dette.

I spørjeundersøkinga svarar 100 % at dei har fått opplæring i korleis dei skal tilvise faktura og kva dei skal undersøkje i samband med tilvising. Alle opplever å ha tilstrekkeleg kunnskap knytt til tilvising.

Det er noko variasjon i kva respondentane opplyser at dei kontrollerer i samband med tilvising.

Oppsummering og konklusjon

Det er nokre differansar knytt til registrerte fullmakter i økonomisystem og øvrig tilsendt dokumentasjon. Vi vil oppmode kommunen til å gjennomgå registrerte fullmakter i økonomisystemet og sikre at desse samsvarer med intern delegasjon som ein del av internkontrollen på området.

Det føreligg etter vår vurdering i liten grad skriftlege rutinar for tildeling og vedlikehald av økonomiske fullmakter. Kravet til internkontroll er at den skal vere systematisk og tilpassa kommunen sin storleik, eigenart, aktivitet og risikoforhold. Vi vil oppmode til at kommunen vurderer i større grad å formalisere praksis på området gjennom skriftlege rutinar, og i den prosessen definerer ynskt internkontroll på området. Vi vil også oppmode til å vurdere å implementere fast gjennomgang av fullmakter i økonomisystemet som eit ledd i internkontrollen.

Vi har ikkje, på bakgrunn av svar på spørjeundersøkinga, grunn til å tru at det føreligg svakheiter ved opplæring og kompetanse knytt til utøving av oppgaver og ansvar.

Det føreligg basert på vår gjennomgang noko forbettringspotensial knytt til internkontroll på området «økonomiske fullmakter og inngåande faktura», men det er etter vår vurdering ikkje vesentlege svakheiter på området.

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Attestasjonsuttale frå uavhengig revisor om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga for 2022.

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, i samband med Eidfjord kommune si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga:

Område

Økonomiske fullmakter

Kontrollen har eit systemperspektiv. Overordna problemstilling er om Eidfjord kommune har ein tryggjande internkontroll knytt til økonomiske fullmakter og inngåande faktura.

Periode

Etterlevingskontrollen er gjennomført for 2022.

Kriterium

- Delegasjon frå kommunedirektør til andre i organisasjonen bør vere dokumentert og det bør vere samsvar mellom delegasjonar og tilvisingsrett i økonomisystem.
- Ansvar for tildeling og vedlikehald av rollar og tilgangar i økonomisystem bør vere definert og plassert og det bør føreliggje rutine for tildeling og systematisk gjennomgang av rollar og tilgangar.
- Tilsette med økonomiske fullmakter bør få opplæring for å sikre tilstrekkeleg kompetanse knytt til utøving av oppgåver og ansvar.

Kriteria er henta frå

Kommuneloven § 25-1 Internkontroll i kommunen.

Leiinga sitt ansvar for etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggjande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll ISQC 1 «Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester» har Vestlandsrevisjon IKS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, medrekna dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgjeving og annan regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje ein uttale om etterleving av føresegnar og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av innhenta bevis. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat tryggleik i samsvar med føresegnene i kommunelova og RSK 301 «forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen».

Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for i kva grad det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av føresegn og vedtak i kommunen si økonomiforvalting på det området vi har gjort forenkla etterlevingskontroll. Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve til RSK 301, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at føresegnar og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gjev følgjeleg ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis har vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at kommunen har vesentlege svakheiter ved internkontroll for økonomiske fullmakter i samband med inngåande faktura.

Denne uttalen er utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltinga og til Eidfjord kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.

Isdalstø, 16. mai 2023

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker

Revisjonssjef/statsautorisert revisor

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker

Revisjonssjef / Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2023-05-16 12:54:51 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2022/305-8

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	10/23	31.05.2023

Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver-milepælsorientering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av kontrollutvalet sitt vedtak i møte 20.10.22 i PS 20/22 pkt. 2 som seier:

Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av eventuelle delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i PS 20/22 i møte 20.10.2022:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon Psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver i Eidfjord kommune med utgangspunkt i forslag til prosjektplan med slik ekstra problemstilling.

a) Kva er dei økonomiske konsekvensane for kommunen ved høgt sjukefråver?

2. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av eventuelle delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.

3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet juni 2023.

Av prosjektplanen kan ein lese ut slikt føremål:

Sjå til at Eidfjord kommune har etablert planar, rutinar og iverksett tiltak for å ivareta eit godt psykososialt arbeidsmiljø samt har ei tilfredsstillande oppfylging ved sjukefråvær.

Problemstillingar:

1. *I kva grad fylgjer kommunen opp sitt arbeidsgjevaransvar i forhold til å leggja til rette for eit godt psykososialt arbeidsmiljø?*

Her vil revisjonen undersøka:

- A. Kva tiltak har kommunen etablert for å sikra eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen?
- B. Korleis sikrar kommunen at leiarar har kompetanse til å ivareta oppgåver relatert til arbeidsmiljøet?
- C. Korleis fungerer ordninga med verneombod og hovudverneombod i forhold til arbeidsmiljøet?
- D. Korleis fungerer kommunen sitt arbeidsmiljøutval?

2. *I kva grad fylgjer kommunen opp sitt arbeidsgivaransvar ved sjukefråvær?*

Her vil revisjonen undersøka etterleving av IA-avtalen ved å sjå på:

- A. Korleis fylgjer kommunen opp kravet om plan for oppfølging av sjukemeldte?
- B. Korleis etterlever kommunen kravet om oppfølgingsplan for tilsette som har vore sjukemeldt i fire veker?
- C. Korleis etterlever kommunen kravet om dialogmøter med den sjukemeldte innan fristen på 7 og 26 veker?

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Dette er tredje milepælsorientering frå revisor om forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver etter godkjent prosjektplan.

I møtet 02.03.2023 vart slike punkt protokollert under handsaming i møtet:

Ragnhild Kartveit Høyland frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte.

- Har hatt oppstartsmøte med ny rådmann
- Revisjonen er godt i gang med innhenting av informasjon/dokumentasjon
- Godt samarbeid med kommunen so langt.
- Utarbeiding av intervjuguide er starta. Ein tek sikte på intervju først og spørre undersøking etterpå.

I dette møtet vil Vestlandsrevisjon IKS orientere om status og framdrift så langt i prosjektet.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/168-15

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	11/23	31.05.2023

Oppfølging forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling.
3. Kontrollutvalet ønskjer at rådmann kjem inn i første møte i 2024 og orienterer om status på dei punkta som er planlagd gjennomført.

Samandrag

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Kommunen si rolle i næringsutvikling.»

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Informasjon til kontrollutvalet
- 2 Rutiner ved handsaming

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Eidfjord kommune gjorde 05.09.2022 slikt vedtak i sak PS 22/073: På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «Kommunen si rolle i næringsutvikling» ber kommunestyret rådmannen syte for:

1. At rutinebeskrivingane innan byggesak omtalar partar sine rettar knytt til veiledningsplikt, munnleg konferanse og førehandskonferanse.
2. At rutinen for byggesakshandsaming vert revidert i forhold til å sikre at tiltakshavarar får refundert/ikkje vert fakturert sakshandamingsutgiftene når sakshandsaminga går utover lovfristen på 12 veker.
3. At internkontrollrutinane og sakshandsamingsprosedyrane i plan- og byggesak vert gjennomgått og vurdert.
4. Å vurdere oppdatering av reguleringsplanar som ein identifiserer fører til mykje søknader om dispensasjon, slik at planverket er godt nok til å ivareta kommunen sine mål med innbyggjarservice og næringsutvikling.
5. Å vurdere å gjennomføra ei fleirårig brukarundersøking knytt til sakshandsaming innanfor plan- og byggesak.
6. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 01.10.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har etterspurt handlingsplan/skriftleg tilbakemelding frå kommunen og har no motteke dette. (Sjå vedlegg.)

Slik sekretariatet ser det svarar kommunen ut dei fleste oppfølgingspunkta i rapporten og sekretariatet rår til at informasjon og rutinebeskrivelse vert teken til orientering.

Sjølv om sekretariatet tilrår at oppfølging av rapporten vert avslutta kan det vere føremålsteneleg å få ein status på punkta som er planlagt gjennomført til dømes noko inn i ny valperiode.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at informasjonen vert teken til orientering og at ny oppfølging skjer først om eit år.



Vår ref.
23/4516

Saksh.: Rebecka Friis
Telefon:

Arkivkode
K1-216

Arkivsak
21/182-8

Dato:
09.05.2023

Svar på punkt i vedtak frå kontrollutvalet

1. Kommunen har oppdatert sine rutiner for byggesakshandsaming. Fylgjande pkt er teke inn:

1. *Rettleiingsplikt*
 - a. *Det kan haldast førehandskonferanse mellom tiltakshavar, kommunen og andre fagmynder. Det føreligg ikkje krav om at det lyt haldast førehandskonferanse, men dersom tiltakshavar ber om førehandskonferanse skal kommunen avtale tidspunkt og halde førehandskonferanse.*
 - *Førehandskonferansen kan gjennomførast før byggjesaka er sendt inn.*
 - *Det skal skrivast møtereferat ved avtalt førehandskonferanse. Referat skal sendast til deltakarar.*
 - b. *Sakshandsamar har innanfor sitt saksområde ei ålmenn rettleiingsplikt. Sakshandsamar lyt av eige tiltak vurdere partar sine behov for rettleiing. Rettleiingsplikta er uavhengig av om sak er under handsaming.*

Etter førespurnad frå ein part, eller når sakens art eller partens forhold gir grunn til det, skal forvaltningsorganet gje rettleiing om:

- *Gjeldande lover og forskrifter, vanleg praksis på vedkommande saksområde.*
- *Reglar for sakshandsaming, og partars rettigheter og plikter.*

2. Kommunen har oppdatert sine rutiner for byggjesakshandsaming. Fylgjande punkt er teke inn:

I saker med 12 veker sakshandsamingsfrist der saka vert handsama utover sakshandsamingsfristen på 12 veker, skal det ikkje fakturerast fullt byggjesaksgebyr. Jf. pbl § 21-7.

Det følgjer av byggesaksforskriften § 7-6 at gebyret skal reduserast med 25 % for kvar påbegynt veke fristoversittelse pågår.

Kommunen kan einsidig forlenge fristen i kompliserte saker, jf. SAK10 § 7-3

3. Internkontrollrutinar og sakshandsamingsprosedyrar

Internkontrollrutinane og sakshandsamingsprosedyrane for plan og byggesak vert gjennomgått og vurdert. Dette vil gjerast kvar kommunestyreperiode og ved endring i regelverk.

4. Revisjon av reguleringsplaner må leggjast inn i planstrategien. Planstrategien skal vedtas kvar kommunestyreperiode.
5. Administrasjonen vurderar å gjennomføre brukarundersøking. Eventuelt kva nivå ei slik undersøking skal liggje på vert ein del av vurderinga, spesielt i høve personvern.
6. Administrasjonen har svart ut punkta frå kontrollutvalet. Avdelingsleiare har ansvar for iverksetjinga.

Med venleg helsing

Rebecka Friis
Avdelingsleiar forvaltning

Kopi til arkiv



Vår ref.
23/4516

Saksh.: Rebecka Friis
Telefon:

Arkivkode
K1-216

Arkivsak
21/182-8

Dato:
04.05.2023

Svar på punkt i vedtak frå kontrollutvalet

Rutinar for handsaming av byggjesaker

1. Rettleiingsplikt

- a. Det kan haldast førehandskonferanse mellom tiltakshavar, kommunen og andre fagmynder. Det føreligg ikkje krav om at det lyt haldast førehandskonferanse, men dersom tiltakshavar ber om førehandskonferanse skal kommunen avtale tidspunkt og halde førehandskonferanse.
 - Førehandskonferansen kan gjennomførast før byggjesaka er sendt inn.
 - Det skal skrivast møtereferat ved avtalt førehandskonferanse. Referat skal sendast til deltakarar.
- b. Sakshandsamar har innanfor sitt saksområde ei ålmenn rettleiingsplikt. Sakshandsamar lyt av eige tiltak vurdere partar sine behov for rettleiing. Rettleiingsplikta er uavhengig av om sak er under handsaming.

Etter førespurnad frå ein part, eller når sakens art eller partens forhold gir grunn til det, skal forvaltningsorganet gje rettleiing om:

- Gjeldande lover og forskrifter, vanleg praksis på vedkommande saksområde.
- Reglar for sakshandsaming, og partars rettigheter og plikter.

2. Saksgang

- a. Søknaden vert gjennomgått: finst all dokumentasjon som skal liggja føre? Viss ikkje, sendast det ut brev om manglar. Standardbrev om manglar er utarbeidd. Søknaden vert ikkje realitetshandsama på dette tidspunktet. Openbare feil/manglar skal påpeikast. Dette er del av kommunen si rettleiingsplikt. Til dømes skal det påpeikast dersom det er openbert at tiltaket vil trenga dispensasjon. Der det først under realitetshandsaminga kjem fram manglar, vil dette kunna føra til avslag på søknad

b. Følgjande dokumentasjon er naudsynt for at søknaden skal vera komplett:

- i. Gards-og bruksnummer, evt adresse. Namn på tiltakshavar og søkjar
- ii. Informasjon om type tiltak, og presisering/klargjering der det er naudsynt
- iii. Situasjonsplan som er detaljert nok til at plassering går fram av kartet. VA skal synast. Avstand frå tiltaket til tomtegrenser, midtlinje i veg, anna bygning...
- iv. Nabovarsel
- v. Evt disp.søknad
- vi. Tiltakets storleik, mål, omfang
- vii. Målsette teikningar i målestokk
- viii. Sjå elles byggjesaksforskrifta

c. Når søknaden er komplett kan han handsamast.

- i. VA-situasjon skal kontrollerast for alle nye fritidsbustadar/bustadar og andre tiltak der VA vil vera relevant.
- ii. Alle saker som gjeld VA eller stikkleidningar skal først sendast il KTD/VA for godkjenning.
- iii. Alle saker som treng uttale frå sektormynde skal først sendast il desse.
- iv. Ansvarsrettar skal ikkje godkjennast, men kommunen skal sjå til at tiltaket er belagt med ansvar.
- v. Mål og teikningar skal kontrollerast for alle nye bygg

3. Tilknyting til infrastruktur

- a. Alle tomter skal ha forsvarleg tilgang til hygienisk betryggende og tilstrekkeleg drikkevatn og slokkevatn, sikra bortleiing av avlaupsvatn og sikra lovleg tilkomst til veg som er open for alminneleg ferdsle. Rett til å føra vatnleidning over annans grunn + vedlikehald av slik vatnleidning, rett til å føra avlaupsleidning over annans grunn + vedlikehald av slik avlaupsleidning, og rett til lovleg tilkomst til veg som er open for alminneleg ferdsle skal vera sikra i tinglyst dokument før oppføring av bygning vert godkjen
- b. Rettane som nemnt over vert anten sikra i delesaka for tomte eller i byggjesaka. Dersom delesaka kjem før byggjesaka, skal rettane sikrast før handsaming av delesaka. Dersom byggjesaka kjem før delesaka, skal rettane sikrast før handsaming av byggjesaka. Skjemaet «Erklæring om rett i fast eigedom» kan nyttast (ligg på kartverket sine sider)
- c. Når skjemaet om rett i fast eigedom er fylt ut, signert og sendt inn saman med byggjesaka, vil kommunen oppbevare dette fram til tomte har fått eige gards- og bruksnummer, og så senda det til tinglysing hos Kartverket. Først når slikt skjema er sendt inn til oppbevaring hos kommunen vil kommunen starta handsaminga av høvesvis delesaka eller byggjesaka.

4. Plasseringskontroll

- a. Kommunen vil krevja at det skal vera ansvarleg prosjekterande og utførande for utstikking og innmåling av tiltaket ved alle nybygg, jf. pbl. § 23-1 jf. § 21-4. Dette vert kravd for å sikra at plasseringar av alle nye hus og hytter skjer i samsvar med løyve. Byggjesøknadar vert ikkje handsama før det er sendt inn erklæring om ansvarsrett som gjeld utstikking og innmåling

5. Opplysingar om VA i byggjesøknadar

- a. Stikkleidningar er eit søknadsppliktig tiltak etter pbl § 20-2 jf § 20-1 a og b. Ved alle søknadar som gjeld nye bustadar og fritidsbustadar skal byggjesøknaden – der stikkleidning ikkje allereie ligg i grunnen – også innehalda søknad om å leggja stikkleidning.
- b. Situasjonsskart for alle byggjetiltak skal syna leidningar i grunnen.
- c. Ved søknad om oppføring av garasje/uthus/anneks, eller liknande tiltak som ikkje utan vidare er tilknytt VA, skal det oppgjevast om bygget skal koplast til eller ikkje. Slik byggjesaksblankettene er utforma, vert det ofte berre oppgjeve om det er VA på tomta. Opplysningane om VA skal knyta seg til sjølve tiltaket.

6. Kontroll av betaling av gebyr etter plan- og bygningslova vis a vis matrikkellova

- a. Der delesak etter pbl § 20-1 m) og rekvisisjon til oppmålingsforretning etter matrikkellova ikkje kjem inn til kommunen som ein søknad på same skjema, og derfor skal handsamast kvar for seg, vil ikkje delesaka vert lagt vidare til oppmåling før gebyr for delesaka er betalt.
- b. Sakshandsamar kontrollerar at delesaksgebyret er betalt før oppmålingssaka vert opna.
- c. Løyver etter pbl vert gjevne på vilkår av at gebyret vert betalt innan betalingsfristen. Siste veka i kvar månad tek sakshandsamar 1-5 stikkprøvar av betaling for tiltak som vart gjeve løyve til i førre månad. Ved manglande betaling sender økonomikontoret ei purring på gebyret saman med ei med påminning om at løyvet ikkje er gjeve før betaling er skjedd, og at dersom betaling ikkje skjer innan 14 dagar, vil kommunen forfølgja moglege ulovlegheitar.
- d. I saker med 12 veker sakshandsamingsfrist der saka vert handsama utover sakshandsamingsfristen på 12 veker, skal det ikkje fakturerast fullt byggjesaksgebyr. Jf. pbl § 21-7.
Det følgjer av byggesaksforskriften § 7-6 at gebyret skal reduserast med 25 % for kvar påbegynt veke fristoversittelse pågår.
Kommunen kan einsidig forlenge fristen i kompliserte saker, jf. SAK10 § 7-3

- e. Ved forlenging av sakshandsamingsfrist i kompliserte saker lyt alle partar verte orientert om ny frist. Ny frist skal setjast før fristen er gått ut og kan ikkje utsetjast urimeleg lenge.

Med venleg helsing

Rebecka Friis
Avdelingsleiar forvaltning

Kopi til arkiv



Saksframlegg

Saksnr: 2022/333-7

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	12/23	31.05.2023

Orientering frå rådmann, henvending renseanlegg i Sysendalen

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet har motteke ei henvending knytt til renseanlegg i Sysendalen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vs Renseanlegg Sysendalen
- 2 142549_3_A
- 3 142550_1_A

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nestleiar Kjell Ove Tveit har motteke henvending knytt til prosess knytt til renseanlegg i Sysendalen og status i saka. Sekretariatet mottok slik epost:

«Vara-ordfører Aslak Lægreid henvendte seg til meg ei tid tilbake. Han ynskjer at kontrollutvalet ser på / stiller spm. til rådmann / ordfører rundt prosjekt prosessen frå adm. si side ifm renseanlegg i Sysendalen. Han påpeikte at dei hadde hatt sak opp i FSK i 2019. Hans ynskje er å sjå på vedtaks status og kva prosjekt prosess som vart etablert og har utvikla seg i etterkant, og kvifor EK står i den situasjonen dei gjer i dag, som utfordra utvikling i Sysendalen m/ arbeidsplassar.»

Epost og dokument ligg som vedlegg til saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har sendt spørsmål vidare til rådmann 15.05.2023 og invitert rådmannen til å gje ei orientering til utvalet i møte 31.05.2023

Konklusjon

Sekretariatet rår til at informasjonen vert teken til orientering.

From: "Kjell Ove Tveit" <kjellovetveit@hotmail.com>
Sent: Tue, 25 Apr 2023 11:17:12 +0000
To: "'josteinhovland@yahoo.no'" <josteinhovland@yahoo.no>; "Kjartan Haugsnes" <Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no>
Cc: "Kari Læg Reid" <kari_legreid@hotmail.com>; "'limstrand.anita@gmail.com'" <limstrand.anita@gmail.com>; "Haldis Riber" <haldis.m.riber@nav.no>
Subject: Vs: Renseanlegg Sysendalen

Hei alle !

Vara-ordfører Aslak Læg Reid henvendte seg til meg ei tid tilbake. Han ynskjer at kontrollutvalet ser på / stiller spm. til rådmann / ordfører rundt prosjekt prosessen frå adm. si side ifm renseanlegg i Sysendalen. Han påpeikte at dei hadde hatt sak opp i FSK i 2019. Hans ynskje er å sjå på vedtaks status og kva prosjekt prosess som vart etablert og har utvikla seg i etterkant, og kvifor EK står i den situasjonen dei gjer i dag, som utfordra utvikling i Sysendalen m/ arbeidsplassar....

Har spora opp nokre dokument som ettersendes..

Vi har vel eit møte i mai...

God sak !

mvh

Kjell Ove

Fra: Aslak Læg Reid <aslakl@eidfjord.net>

Sendt: torsdag 16. mars 2023 09:02

Til: Kjell Ove Tveit <kjellovetveit@hotmail.com>

Emne: Renseanlegg Sysendalen.

Fann sakspapira anngående renseanlegg ,med hadde opp det som sak den 2januar 2019 i formannskapet sak nr 19 ,168.Saka vart presentert i kommunestyre den 4 november 2019.Aslak.

Sendt fra min iPad



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	02.12.2019	19/168
Eidfjord kommunestyre	16.12.2019	19/105

Vedtak - nytt reinseanlegg for Sysendalen - oppstart av prosjektet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune startar opp prosjektet med å etablera nytt reinseanlegg for heile Sysendalen.

Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med aktuelle grunneigarar om eigna tomt, og til å starta prosjekteringa av anlegget.

Når forslag til plassering er klart, vil administrasjonen fremja ny sak for kommunestyret, der plassering vert vedteken.

02.12.2019 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 19/168 - Vedtak:

Eidfjord kommune startar opp prosjektet med å etablera nytt reinseanlegg for heile Sysendalen.

Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med aktuelle grunneigarar om eigna tomt, og til å starta prosjekteringa av anlegget.

Når forslag til plassering er klart, vil administrasjonen fremja ny sak for kommunestyret, der plassering vert vedteken.

16.12.2019 - Eidfjord kommunestyre

Røysting:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KST - 19/105 - Vedtak:

Eidfjord kommune startar opp prosjektet med å etablera nytt reinseanlegg for heile Sysendalen.

Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med aktuelle grunneigarar om eigna tomt, og til å starta prosjekteringa av anlegget.

Når forslag til plassering er klart, vil administrasjonen fremja ny sak for kommunestyret, der plassering vert vedteken.

Endeleg avgjerd i: Kommunestyret

Saka gjeld:

Eidfjord kommune har behov for å byggja nytt reinseanlegg i Sysendalen.

I dag er 851 hytter/bustadar påkopla dei offentlege VA-anlegga i Sysendalen. I tillegg er det 192 hytter som ikkje er påkopla og 605 tomer som er regulerde til bebyggelse, men som ikkje er bygd på enno. Eidfjord Resort er ikkje medrekna i desse tala.

Dei eksisterande reinseanlegga har ikkje kapasitet nok til å handtera den planlagde utbygginga, og er i periodar overbelasta i dag.

Dersom kommunen ikkje gjer noko med situasjonen, vil dette måtta medføra byggjestopp i Sysendalen. Administrasjonen er av den oppfatning at den einaste langsiktig gode og tilstrekkelege løysinga er å byggja eit nytt reinseanlegg som er planlagt og dimensjonert for å handtera både eksisterande og framtidige behov for heile Sysendalen.

Administrasjonen syner elles til vedlagte presentasjon, som vart gjeve til kommunestyret 4.11.2019.

I budsjettforslaget og økonomiplanen for 2020-2022 ligg nytt reinseanlegg inne med kr. 15.000.000,- i 2020, kr. 30.000.000,- i 2021 og kr. 10.000.000,- i 2022.

På dette tidspunktet er det behov for at kommunen vedtek at det skal byggjast nytt reinseanlegg, slik at me kan gå i gang med dei førebuande oppgåvene. Dette er mellom anna å skaffa eigna tomt, få utsleppsløyve, gjennomføra omregulering og prosjektera anlegget.

Administrasjonen vil sidan fremja saker for kommunestyret for å vedta endeleg plassering, type reinseanlegg, og oppstart av bygginga.

Geir Underhaug
rådmann

Pettersen, Louise C.
sakshandsamar

Rett utskrift:

VA Sysendalen

Eidfjord kommune
Kommunestyremøte 04.11.2019

Avgiftsområde VA Eidfjord kommune

- ▶ Eidfjord kommune er delt i to avgiftsområde
- ▶ Sysendalen
- ▶ Resten av kommunen
 - ▶ Øvre Eidfjord
 - ▶ Eidfjord
 - ▶ Simadal
 - ▶ Bu


Avgiftsområde - avgifter


- ▶ Kvar av dei to avgiftsområda skal drivast ut frå sjølvkostprinsippet, uavhengig av kvarandre.
- ▶ Sysendalen
 - ▶ Påkobling avlaup kr 40.556
 - ▶ Årsavgift avlaup kr 3.971-5.614
- ▶ Resten av Eidfjord
 - ▶ Påkobling avlaup kr 20.683
 - ▶ Årsavgift avlaup kr 3.601


VA anlegg - Sysendalen



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019









Straumforbruk Eidfjord kommune

Kostnadsfordeling straum



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

Straumforbruk VA



Behov for nytt reinseanlegg

- ▶ Kapasiteten på dei eksisterande reinseanlegga er ikkje stor nok til å handtera planlagt utbygging i Sysendalen.
 - ▶ Allereie regulerte ubygde tomter + bygde hytter utan tilkopling:800
 - ▶ Eidfjord Resort er ikkje med i dette talet
 - ▶ Manglande handtering vil måtta medføra byggestopp i Sysendalen

Maurseth avlaupsreinseanlegg



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

Behov for nytt reinseanlegg

- ▶ Maurseth (rapport Norconsult feb. 2017)
 - ▶ Bygd for belastning på 900 PE
 - ▶ Belastning på 1000 PE (feb. 2017), framtidig 3000
 - ▶ Prosessen er ikkje eigna til den varierende belastninga
 - ▶ Har til tider overbelastning (påske og snøsmelting)
 - ▶ Kan leggjast ned etter at RA6 er ferdigstilt
 - ▶ Overføring til nye RA6 krev fysiske tiltak

Isdøla avlaupsreinseanlegg




Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

Behov for nytt reinseanlegg

- ▶ Isdøla avlaupsreinseanlegg (Lisetvegen)
 - ▶ Bygd på 1980 tallet
 - ▶ Dimensjonert for mellom 300-400 PE
 - ▶ Er i periodar overbelasta 3-5 gonger meir enn det er berekna for

Plassering RA6


- ▶ Tidlegare tenkt plassering var Gommakvile
- ▶ Eidfjord kommune er ikkje grunneigar på nokon alternativ
- ▶ 5 andre stader er vurderte
 - a. Gommakvile
 - b. Lisetkrysset sør
 - c. Fosslíkrysset sør
 - d. Fjellhall avkøyring Høl
 - e. Gjermundhølsveg/Hardangerviddavegen
 - f. Fossatromme



a. Gommakvile



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019




a. Gommakvile

► Fordeler:

- Tilrettelagt med pumpeledning frå Lisetkrysset
- Har vore på tidlegare planar
- Få naboar

► Ulemper:

- Lang utsleppsgrøft
- Ikkje regulert til formålet
- Ligg i 100 metersbeltet til Bjoreio
- Mulig konflikt med utretting av RV7
- Avlaupsvatn må pumpast opp frå Lisetkrysset



b. Lisetkrysset sør



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

b. Lisetkrysset sør

► Fordeler:

- Ligg gunstig til på VA nettet
- Utsleppsgrøft kjem i allereie etablert område
- Kan legga ned ein pumpestasjon

► Ulemper:

- Masseunderskot
- Kjem veldig nært naboar
- Dårleg plass til avkøyring, spesielt ved utretting RV7

c. Fosslíkrysset sør



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

c. Fosslíkrysset sør

- ▶ Fordeler:
 - ▶ Kan mulig leggja ned to pumpestasjonar
 - ▶ Betre plass ved framtidig utretting av RV7
- ▶ Ulemper:
 - ▶ Masseunderskot
 - ▶ Lite tomt
 - ▶ Avlaupsvatn frå Lisetvegen må kryssa Isdøla

d. Fjellhall



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

d. Fjellhall

► Fordeler:

- Sannsynleg enklare grunnerverv
- Lettare å regulera til formålet
- Godkjent avkøyring frå RV7
- Masseoverskot
- Ikkje synleg, bygging heile året

► Ulemper:

- Dyrare med fjellhall enn å bygga i dagen
- Dyrare grøftetrase innløp
- Vegkryssing RV7 på utsleppsgrøft

e. Gjermundhølsveg/Hardangerviddavegen



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

e. Gjermundhølsveg/Hardangerviddavegen

► Fordeler:

- Dykkerledning frå Lisetkrysset
- Gunstig plassering nederst i Sysendalen
- Masseoverskot
- Kort utsleppsgrøft
- Kan få fleire abonnentar frå Høl på sjølvfall
- Lengre frå bebygde tomter
- Liten silhuettvirkning

► Ulemper:

- Må legga ny pumpe/dykker-ledning frå Lisetkrysset

f. Fossatromme



Eidfjord kommunestyre 04.11.2019

f. Fossatromme

► Fordeler:

- Ligg gunstig nederst på nettet
- Kan få fleire abonnentar på sjølvfall
- Kort utsleppsgrøft

► Ulemper:

- Ligg inne på området byggesøkt av Statens Vegvesen
- Statens vegvesen ikkje interessert i reinseanlegg på området
- Lang og dyr tilførselstrase langs RV7

Plassering

- ▶ Mest aktuelle alternativ:
 - ▶ b. Lisetkrysset sør
 - ▶ d. Fjellhall
 - ▶ e. Gjermundhølsveg/Hardangerviddavegen

Kostnad

- ▶ Avhengig av valgt lokalisering
- ▶ Utsleppskrav i vedtak frå Fylkesmannen
- ▶ Grunnerverv, erstatning grunneigarar
- ▶ Kostnadsbilde mellom 55 og 90 millionar
- ▶ Skal inn i sjølvkostrekneskapet i avgiftsområde Sysendalen
- ▶ Vil føra til ein auke av avlaupsavgifter i ein periode, viss ein skal fylgja sjølvkostprinsippet



Saksframlegg

Saksnr: 2022/155-34

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	13/23	31.05.2023

Orientering frå rådmann, innsynsportal

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er ei oppfølging av vedtak i møte 02.03.2023, PS 1/23

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde mellom anna slikt vedtak i PS 1/23 i møte 02.03.2023:

2. Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann vurdere om komitear oppretta av kommunestyret skal vere ein del av innsynsportal og sakshandsamingsreglane i kommunelova til neste møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Partsbrev om vedtak vart sendt rådmann 08.03.2023 og endeleg invitasjon til å orientere om saka vart sendt frå sekretariatet 15.05.2023.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at informasjonen vert teken til orientering.

Frå: Kontrollutvalet[Kontrollutvalet@vlfk.no]
Sendt: 18.04.2023 09:30:08
Til: Kjartan Haugsnes;Helge Inge
Johansen[Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no;Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: saksdokument til representantskapsmøte IHM IKS

Hei!

Vidaresender til dåke som sekretær for kontrollutvala i Ulvik herad og Eidfjord kommune.

Med helsing

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Jon Grønsberg <jon.gronsberg@ihm.no>
Sendt: fredag 14. april 2023 10:58
Til: Hans Erik Ringkjøb <Hans.Erik.Ringkjøb@voss.herad.no>; Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>; Jens Olav Holven <Jens.O.Holven@ulvik.kommune.no>; Elin Seim <elin30seim@gmail.com>; knut.kvissel@gmail.com; Sveinung Klyve <Sveinung.Klyve@vlfk.no>; Svein Hop <svein.hop@eidfjord.net>; eidneslarskristian@gmail.com; annlaug.h.sakvitne@skule.voss.no
Kopi: Stein Kvarekvål <stein@vossutvikling.com>; Clara Marie Nygaard <clara_nygaard@msn.com>; ronnylunestad <ronnylunestad@hotmail.com>; Sveinung Sandvik <sveinung@ihm.no>; a-riven <a-riven@online.no>; Voss herad <postmottak@voss.herad.no>; Eidfjord kommune <postmottak@eidfjord.kommune.no>; Ulvik kommune <Postmottak@ulvik.kommune.no>; Elin Bye <elin@ullensvangrevisjon.no>; Kontrollutvalet <Kontrollutvalet@vlfk.no>; Erik Persen <erik.persen@bir.no>; Borghild Lekve <borghild.lekve@bir.no>; Ove Knudsen <ove.knudsen@bir.no>; Øyvind Birkeland <oyvind.birkeland@ihm.no>; Sven Gunnar Ramstad <sven.ramstad@ihm.no>; Anita Traa <anita.traa@ihm.no>; Bjarte Nedkvitne <bjarte@ihm.no>; Silje Nesheim <silje@ihm.no>; Olav Egil Midtgaard SANDS <olav.egil.midtgaard@sands.no>
Emne: saksdokument til representantskapsmøte IHM IKS

Syner til innkalling sendt 28.03.2023

Vedlagt saksdokument til representantskapsmøte IHM IKS.

Med venleg helsing
Jon Grønsberg
Dagleg leiar
Tel.95853860
Jon.Gronsberg@ihm.no



Indre Hordaland Miljøverk IKS
Tel. 56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no



Innhold

- 3. Tilbakeblikk
- 4. Representantskapet og styret
- 5. Tilsette
- 6. Avfallsstatistikk
- 10. Styret si årsmelding
- 14. Resultatrekneskapen
- 15. Balanse
- 16. Notar
- 21. Revisormelding



På veggen på naturen si side i Ulvik.

Tilbakeblikk

IHM blir ei viktig brikke for regional avfallshandsaming

I 2022 teikna IHM og BIR intensjonsavtale om å fusjonera IHM inn i BIR konsernet. I tillegg vil ein som ein større organisasjon betre kunna gjera seg nytte av fordelar ved stordrift som til dømes betre vilkår ved forhandling av både innkjøpsavtalar, driftsløysingar og nedstrømsløysingar for avfallsfraksjonar. Partane er einige om at det er eit ynske over tid å bevare og vidareutvikla eit berekraftig og robust arbeidsmiljø på Voss knytt til avfallshandsaming, og næringsutvikling knytt til bruk av avfallsfraksjonar.

For abonnentar i IHM sine eigarkommunar vil denne fusjonen gje ein god tryggleik for framtidig avfallshandsaming i eit stort geografisk nedslagsfelt.

Både IHM og BIR har kvar for seg jobba godt med å tilby sine innbyggjarar gode løysingar for avfallshandsaming. I framtida vil tilbodet bli enno betre med tanke på ei god felles plattform for moderne utvikling i bransjen. Eit godt døme er arbeidet med å etablera eit felles anlegg for behandling av matavfall for regionen. Dette vil kunna gje tverrsektorielle synergjar for både innbyggjarar, landbruket og ikkje minst for miljøet.

I 2022 utgjorde IHM ei sentral rolle med mottak av avfall som vart rydda langs Bergensbanen. Gjennom Retura mottok og sorterte IHM dette avfallet for vidare slutthandsaming.

IHM ser no fram til vidare samarbeid med våre nye kollegaer i BIR. Saman skal me skapa eit innovativt og robust avfallsselskap på Vestlandet.

Takk til kundar og abonnentar for eit godt samarbeid i 2022.

Bjørkemoen, 09.03.2023

Jon Grønsberg
Dagleg leiar



Nytt molokpunkt for hytteavfall ved Årmotssteinen, Britahaugen, Budeiehaugen og Vårstølstunet.

Representantskapet

Indre Hordaland Miljøverk har eigarkommunane Eidfjord, Ulvik og Voss. Kommune-/heradsstyret utnemner sine medlemmer i representantskapet som er selskapet sitt øvste organ.

Representantskapet har til saman 9 medlemmer. Representantskapet skal handsama årsmelding og rekneskap, budsjett, økonomiplan, framlegg til gebyrendringar mm. Det vel og styret med leiar og nestleiar, og valnemd. Leiar i representantskapet vert valt mellom medlemmene i representantskapet annankvart år. Det har vore 2 møte i representantskapet i 2022; 28. april og 27. oktober.

I valperioden 2021–2023 har representantskapet fylgjande medlemmer:

Kommune/herad	Medlem	Personleg vara
Ulvik	Hans Petter Thorbjørnsen Jens Olav Holven	Stig Yngve Røkenes Reidar Meel
Eidfjord	Lars Kristian Eidnes Svein Hop	Gunn Hordvik Sandvik Timo Knoch
Voss	Hans-Erik Ringkjøb Annlaug H. Såkvitne Sveinung Klyve Elin Seim Knut Ståle Kvissel	Irlil S. Johansen Morten Samskott Dag Sandvik Odd H. Hommedal Ruth Jørgensen
Jens Olav Holven er leiar i representantskapet		



Styret

Styret vert vald av representantskapet for 2 år om gongen. Det er ein medlem frå kvar kommune, Voss har to. Forvaltninga av selskapet høyrer inn under styret.

Styret skal syta for at selskapet har ein tenleg organisasjon og sjå til at selskapet vert drive i samsvar med lov, selskapsavtalen, budsjettet, andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet. Det har vore 11 styremøte i 2022.

Styret har hatt fylgjande medlemmer og personlege varamedlemmer i 2022:

Kommune/herad	Medlem	Varamedlem
Voss	Stein Kvarekvål	Øystein Ormåsen
	Anne Rivenes	Irene Stana
Eidfjord	Clara Maria Nygaard	Frode Eriksen
Ulvik	Ronny Lunestad	Kari Sandøy
IHM - tilsett	Sveinung Sandvik	
Stein Kvarekvål er leiar i styret. Clara Maria Nygaard er nestleiar.		



IHM sitt ansikt utad, Bente Røyrbotten

Tilsette

Tilsette pr 31.12.2022


Jon Grønsberg	Dagleg leiar
Omar Armentano	Økonomileiar
Einar Skeie	Arbeidsleiar
Ole Rune Røkenes	Transportleiar
Bjarte Nedkvitne	Leiar Næring
Øyvind Birkeland	Leiar Miljø og Utvikling
Anita Traa	Leiar hushald
Sven Gunnar Ramstad	Drifts- og HMS-leiar
Bente Røyrbotten	Prod.medarbeider vekt/mottak
Linn Tove Øystese	Kundehandsamar hushald
Omar Ahmad	Kundehandsamar næring
Silje Nesheim	Controller
Krista Sempelson	Prod.medarbeider
Ingebrigt Tveite	Prod.medarbeider

Kjartan Jordalen	Prod.medarbeider
Jon Almeland	Prod.medarbeider
Birthe Tveite	Prod.medarbeider
Jon Sverre Nesheim	Prod.medarbeider
Svein Inge Grindeland	Prod.medarbeider
Kjell Brøto	Prod.medarb. transport
Olav Kyte	Prod.medarb. transport
Anders Mykkeltvedt	Prod.medarb. transport
Kjell Gjerme	Prod.medarb. transport
Sveinung Sandvik	Prod.medarb. transport
Jan Ove Teigen	Prod.medarb. transport
Erlend Fykse	Prod.medarb. transport
Bernt Gunnar Ringheim	Prod.medarb. transport
Roy Andre Hosås	Prod.medarb. transport
Arne Saue	Prod.medarb. transport
Martin Tombre Klovning	Prod.medarb. transport
Jon Håkon Steine	Prod.medarb. transport


Avfallsstatistikk

Avfall frå hushalda, henta heime og levert på miljøstasjonen


Antal tonn fordelt på fraksjon



Kg avfall per innbyggjar
(justert for hytter)



Fordeling på behandlingsform
(KOSTRA)



Total avfall med hushald og næring i tonn



Tegl og takstein, 63
Eternitt, 49
Asfalt, 21
Tegl, 49
Eternitt, 49
As, 49
B, 49
f..., 49
å, 49
R, 49
D, 49
E, 49

B: Båtar o.l., 17
D: Dyrekadaver, 8
E: EPS, 7
R: Ristgods, 5
Gul: Aske, slagg, støv (ikkje spes.avf.), 4



Sikkerheitskurs for sjåførane på NAF sin øvingsbane. Anders Mykkeltvedt og Arne Saue.



Barnehage på besøk.



Sommarvikarar på Bjørkemoen. Blide ungdomar som tek si oppgåve på alvor og gjer ein viktig jobb for miljøet. Christian, Ingeborg og Klaus.



Endeleg fekk IHM ta imot besøk frå barnehagar og skular etter koronanedstenging. Kvardagen vår er nettopp å sikra framtida for den komande generasjonen. Det er difor viktig å bevisstgjera innbyggjarar i alle aldrar om kjeldesortering, gjenbruk, reparasjon og rett avfallshandtering.

Styret si årsmelding

Arbeidsoppgåver

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Ulvik og Voss. Hovudanlegget til verksemda ligg i Voss kommune. IHM utfører oppgåver innan avfallssektoren som kommunane er pålagde etter forureiningslova. Desse oppgåvene er delegerte til IHM ved selskapsdanninga. Gjennom dei etablerte ordningane for gjenvinning og slutthandsaming arbeider IHM for å nå dei mål som styresmaktene har sett for avfallspolitikken. Men det vert også arbeidd for å påverka rammevilkåra når IHM meiner det er til gagn for bransjen og selskapet. IHM arbeider også innan tilgrensande område og er opptatt av næringslivet si haldning til – og utnytting av ressursar.

Dei etablerte ordningane kan kort oppsummerast slik:

- Hente- og bringeordningar for hushald og næringsliv
- Avfallsmottak i alle medlemskommunane
- Sal av avfall til ombruk og gjenvinning
- Slutthandsaming
- Informasjon og rådgjevingstenester

Økonomi

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på MNOK 8 før skatt. Dette er resultat av prinsippending i føring av pensjonsforplikting, MNOK 9,85. IHM har i 2022 hatt inntekter på om lag MNOK 71,7, ein reduksjon på 9,3% samanlikna med året før, og 7,56% over budsjettet. Driftskostnadane er på MNOK 79,8, ein auke frå 2021 med 15%. Kostnadane er 23% høgare enn budsjettet. Ser ein bort frå prinsippendinga knytt til pensjonsforplikting, er driftskostnadane 1% høgare enn i 2021, og 8,1% høgare enn budsjettet. Gebyrinntekter utgjer 48,77% av totale inntekter og 2% høgare enn i 2021. Andre driftsinntekter har gått ned med 16,7% samanlikna mot fjoråret, men 13,2% høgare enn budsjettet. Innsamling, transport og handsaming av avfall utgjer 35,7% av samla driftskostnader, 16% meir enn budsjettet. Personalkostnader er 32,9% høgare enn budsjettet, ser ein bort frå prinsippending av pensjonsforpliktingar er personalkostnader 3,8% lågare enn budsjett og 5,5% lågare enn fjoråret. Avskrivningane er 12,6% lågare enn 2021 og utgjer 5,7% av driftskostnadene. Jf. Forskrift om deponering av avfall, vert det stilt krav til vedlikehald, overvaking og kontroll i etterdriftsfasen. Etterdriftsfasen vert rekna til ein periode på minst 30 år. IHM har per 31.12.22 sett av MNOK 14,7 til etterdrift. Med utgangspunkt i den framlagde rekneskapen meiner styret at grunnlaget for vidare drift er til stades. Vidare drift vil halda fram i IHM AS i 2023.

Totalkapitalen var på om lag MNOK 86,9 ved utgangen av 2022. Ein auke på om lag MNOK 9,2. Eigenkapitalen utgjer 10,6% av dette. Ein nedgang frå 2021 der eigenkapitalen utgjorde 22,1%. I 2021 vart sjølvkostfondet rekna som eigenkapital, denne er no flytta til forplikting.

Finansiell risiko

Låneopptak

Den langsiktige gjelda til kredittinstitusjonar utgjer MNOK 16,39. IHM har kommunale garantiar med ei låneramme på MNOK 42 jf. Selskapsavtalen med eigarkommunane. Pr 31.12.2022 har næringsavdelinga likviditetslån på MNOK 3 frå IHM lovpålagt.

Påverknad på ytre miljø

IHM si drift vert regulert av krav som Statsforvalteren i Vestland stiller i konsesjon til drift. I konsesjonen er IHM pålagt å føra tett overvaking av verksemda si påverknad av miljøet. Dette omfattar både utslepp til luft, grunn, overflatevatn og annan påverknad av nærmiljøet som støy, støv, skadedyr og lukt. Gjennom vårt arbeid med å tilfredsstilla miljøstandarden ISO 14001:2015 syter me for systematisk oppfølging av desse krava.

Statsforvalteren i Vestland gjennomførte i 2022 tilsyn ved mange deponi i fylket, også IHM sitt deponi på Bjørkemoen. Tilsynet resulterte i 3 avvik som IHM har gjeve svar på innan frist.

IHM har i 2022 utarbeidd ein avslutningsplan og etterdriftsplan for dei eldre delane av deponiet. Dette for å kunne søkja formell avslutning på dei delane som ikkje lenger er i drift. Som grunnlag for dette har det vorte gjennomført eit omfattande kartleggingsarbeid der ein mellom anna har sett tilbake på historikken kring deponering på Bjørkemoen og vurderingar av avslutningsarbeidet som tidlegare er utført. Planen er til handsaming hjå Statsforvalteren i Vestland.

I 2022 samla deponigassanlegget 57 tonn metan. Dette er ei nedgang jamfør året før, men utviklinga dei siste åra viser ei god auke. Til trass for den naturlege nedgangen i metanproduksjon har ein ved aktiv innsats klart å fanga opp meir av deponigassen. Ved å brenna metangassen i fakkelløp CO₂-utsleppet ein 25.-del av kva det ville vore ved å sleppa metangassen ut. IHM sitt totale utslepp av klimagassar vert som ein del av vårt medlemskap i nettverket Klimapartnere Vestland presentert i eit felles klimarekneskap. Dette er venta å vera klart i mai.

Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling

IHM hadde 31 fast tilsette ved utgangen av 2022. Til saman 33 årsverk vart utført. Av dei tilsette er 19,4 % kvinner. I styret er kvinndelen 44,5 %. Verksemda ser det som viktig å sikra delen av kvinner og variasjon i alderssamansetnad for å oppnå eit allsidig og godt arbeidsmiljø.

IHM er medlem i Bedriftshelse1.

Sjukefråværet utgjorde 4,36 % i 2022 mot 9,69 % i 2021.

Det har i 2022 vore 4 tilfelle av skade med fråvær under arbeid.


Det vert sett fokus på arbeidsmiljø gjennom verksemda sitt HMS-arbeid. IHM har sidan 2013 vore sertifisert etter SN-BS OHSAS 18001 og har med dette eit styringssystem for arbeidsmiljø som er i samsvar med Internkontrollforskrifta av 1997 på alle punkt. Det er stor merksemd på førebyggjande arbeid, m.a. vernerundar og risikovurderingar.

ISO-sertifisering

Resertifisering jamfør ISO 9001:2015, ISO14001:2015 og ISO 45001:2018 vart gjennomført september 2022. Sertifiseringsorgan er NEMKO.

Styret i Indre Hordaland Miljøverk IKS

Voss, 26. mars 2023



Stein Kvarekvål
– styreleiar



Clara Maria Nygaard
– nestleiar



Ronny Lunestad
– styremedlem



Anne Rivenes
– styremedlem



Sveinung Sandvik
– styremedlem



Jon Grønsberg
– dagleg leiar





Ekstra trivsel i lunsjen med vaflar kvar torsdag. « Det blir ikkje matsvinn når det er vaffeltorsdag» seier Einar Skeie.



Tømmekalenderen i papirutgave er klar. Sigrid ropar «Hurra»



Beste jobben ein kan ha er å få besøkja barnehagar. I 2022 delte IHM ut boka om «Havets heltar» til alle barnehagar i Voss, Ulvik og Eidfjord. Borna i Regnbogen barnehage vart glade for boka.



IHM stiller sjølvsagt opp under russen sitt årlege rebusløp. IHM sin stand; kjeldesortering.



Stand i Vangsgata under Smalahovesleppet. Mange besøkjande – bos er ikkje berre bos. Her IHM i god prat.



IHM gratulerer Oscar Baldry, 5 år, som ein av vinnarane av returkartonglotteriet 2022. Små steg for jordkloden.



Resultatrekneskap

NOTE	TOTALT			HUSHALD			NÆRING		
	REKNESKAP 2022	BUDSJETT 2022	REKNESKAP 2021	REKNESKAP 2022	BUDSJETT 2022	REKNESKAP 2021	REKNESKAP 2022	BUDSJETT 2022	REKNESKAP 2021
DRIFTSINNTEKTER									
Gebyrinntekter	34 962 453	34 197 427	34 253 755	34 962 453	34 197 427	34 253 755			
Andre driftsinntekter	36 731 914	32 459 773	44 109 761	3 538 292	2 938 238	14 899 850	33 193 622	29 521 534	29 209 911
Sum driftsinntekter	71 694 367	66 657 200	78 363 516	38 500 745	37 135 665	49 153 605	33 193 622	29 521 534	29 209 911
DRIFTSKOSTNADER									
Innsamling, transport,	11 607 745	12 207 362	11 188 543	4 602 402	6 737 536	4 859 595	7 005 343	5 469 826	6 328 948
Avfallshandsaming	16 883 145	12 359 027	15 574 948	7 127 895	6 283 957	7 311 079	9 755 250	6 075 071	8 263 869
Personalkostnader	35 795 637	26 943 725	27 432 090	21 735 638	14 940 295	17 429 032	14 059 999	12 003 429	10 003 058
Avskrivninger, Nedskrivning	4 535 438	4 311 294	5 187 958	1 914 816	2 308 698	2 435 294	2 620 622	2 002 596	2 752 664
Andre driftskostnader	10 940 209	8 804 604	9 623 673	4 618 847	4 464 688	4 517 474	6 321 361	4 339 916	5 106 199
Sum driftskostnader	79 762 173	64 626 012	69 007 212	39 999 598	34 735 174	36 552 474	39 762 575	29 890 837	32 454 738
DRIFTSRESULTAT	-8 067 806	2 031 188	9 356 304	-1 498 853	2 400 491	12 601 131	-6 568 953	-369 303	-3 244 827
FINANSINNTEKTER									
Renteinntekter	556 811		241 254	390 702		113 248	166 109		128 006
FINANSKOSTNADER									
Nedskrivning finansielle anl.middel									
Rentekostnader	-410 483		-218 924	-297 555		-98 044	-122 977		-116 158
Annan finanskostnad	-73 538		-1 408 582	-20 997		-31 980	-42 491		-1 381 323
Sum finansinntekter/kostnader	72 790	0	-1 386 252	72 150	0	-16 776	640	0	-1 369 475
ÅRSRESULTAT FØR SKATT	-7 995 015	2 031 188	7 970 053	-1 426 703	2 400 491	12 584 355	-6 568 313	-369 303	-4 614 302
SKATTEKOSTNAD	-1 444 882		-717 783				-1 444 882		-717 783
ÅRSRESULTAT	-6 550 133		8 687 836	-1 426 703		12 584 355	-5 123 431		-3 896 519
DISPOSISJONAR									
Overføringer fra sjølkostfond hushald									
Overføringer til sjølkostfond hushald	1 427 014		5 338 047	1 427 014		5 338 047			
Overføring til Hushald annan EK	-2 853 717		7 246 308	-2 853 717		7 246 308			
Overføring fra Næring annan EK	-5 123 431		-3 896 519				-5 123 431		-3 896 519
Sum disposisjonar	-6 550 134		8 687 836	-1 426 703		12 584 355	-5 123 431		-3 896 519



Balanse

Voss, 26. mars 2023

Stein Kvarekvi
Stein Kvarekvi
- styreleiar

Clara Marie Nygaard
Clara Marie Nygaard
- nestleiar


Ronny Lunestad
Ronny Lunestad
- styremedlem

Anne Rivenes
Anne Rivenes
- styremedlem

Eivind Sandvik
Eivind Sandvik
- styremedlem

Jon Grønberg
Jon Grønberg
- dagleg leiar

		TOTALT		HUSHALD		NÆRING	
EIGEDLAR	NOTE	2022	2021	2022	2021	2022	2021
Anleggsmidlar							
Immaterielle eigedelar	5	4 588 552	-3 143 670			4 588 570	3 143 688
Varige driftsmidlar	4	28 421 802	-25 236 447	20 719 658	15 087 745	7 702 144	8 591 377
Finansielle anleggsmidlar	6	2 242 723	-1 475 460	2 023 028	1 271 647	219 695	203 813
Sum anleggsmidlar		35 253 077	-29 855 577	22 742 686	16 359 392	12 510 409	11 938 878
Omløpsmidlar							
Varer		1 094 880	-688 530	1 094 880	688 530		
Fordringar		12 119 382	-5 293 059	2 074 054	1 085 326	10 320 328	4 342 734
Forsk.betalte kostnader oa.		4 473 632	-430 289	3 865 903	259 581	332 729	35 708
